




Årsmelding Noregs Mållag 2009-2010

N O R E G S | *Mange røyster*
M Å L L A G | *- felles mål*



Form: Erik Bolstad

Sats: Kjartan Helleve

Grafiske element: Øystein Vidnes

Tykk: Arkan kopi og digitaltrykk

Innhald

Føreord	4	Talemål og skriftmål	16	Fondet for norsk målreising	34
Leiar	5	Høyring om kyrkjemålet	16	Revisormeldingar	36
<i>Målpolitiske arbeidsfelt</i>					
Nynorsk oppvekst	7	<i>Samskipnaden</i>	17	<i>Norsk Målungdom</i>	
Barnehage	7	Lag og medlemer	17	Melding frå arbeidsåret	38
Grunnskule	7	Lokallag, fylkeslag og yrkesmållag	17		
Lærarutdanninga	8	Studiearbeid og leiarstrening	17	Dag og Tid	39
Norsk for vaksne innvandrarar	8	Medlemsregister	18	Det Norske Samlaget	39
Læremiddelproduksjon	8	Verving og vervetiltak	18	Det Norske Teatret	40
Programvare	9	Nytt om nynorsk	18	Folkekulturforbundet	40
Opplæringslova	9	Føredragsturné	19	Kringkastingsringen	41
Oversyn over manglande læremiddel	9	Haustseminaret	19	Landssamanslutninga av nynorskkommunar	41
NDLA	10	Materiellproduksjon	19	Magasinett	41
Media og informasjons-teknologi	10	Oranisasjonsinitiativ	19	Noregs Ungdomslag	41
Riksavisene	10	Landsmøtet	19	Norsk Barneblad	42
Regions- og lokalavisene	10	Midlar til styrking av organisasjonen	19	Norske Lagsbruk	42
Samiske aviser	10	<i>Informasjons- og mediearbeid</i>	20	Nynorsk kultursentrums	42
Nettaviser	10	Norsk Tidend	20	Nynorsk mediesenter	42
Vinjefondet	10	Heimesidene	20	Stiftinga Pirion	43
Dei nynorske mediedagane	11	Lokallagssidene	21	Stiftinga NPK	44
Nynorsk redaktørpris	11	Mediedekking på LM	21		
Reklame	12	Pressemeldingar	22	<i>Vedlegg og statistikk</i>	
Fjernsyn	12	Presseoppslug	22	Nynorsk skulemål 1930-2009	45
Programvare	12			Skulemålet fylka 2004-2009	46
Språkteknologi	12	<i>Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde</i>		Skulemålsrøystingar	
Internett	12	Heiderslagsmedlemer	23	1992-2009	47
Næringsliv	13	Styret og arbeidsutvalet	23	Lag og medlemstal	49
Reklamefilmar	13	Landsrådet	23	Medlemer NMU	55
Næringslivspris	14	Valnemnda	23	Nynorskaviser på Internett	
Kultur og kulturpolitikk	14	Skrivarstova	23	1996-2008	56
Litteratur	14	Nemnder og utval	23	Lag som har motteke pengar frå grasrotandelen	57
Diktarvegen	14	Reiseverksemda	25	Målform i Stortinget	
Garborgsenteret	15			1913-2013	58
Litteraturprisane	14	<i>Økonomi</i>			
Musikk	15	<i>Økonomiarbeidet</i>	29		
Offentleg målpolitikk og målbruk	14	<i>Kommentarar til rekneskapen</i>	29		
Ny offentleg språkpolitikk	14	Rekneskap	32		
Offentleg målbruk	15	Balanse	33		
Posten AS	15	Kulturlotteriet	34		
Kyrkjearådet	16	Inga og Gjøa Lutros legat	34		
Statens Kartvesen	16				

Føreord

Styret legg med dette fram årsmeldinga for arbeidsåret 2009/2010 slik § 5.1 i lov for Noregs Mållag seier.

Årsmeldinga dekkjer perioden 13. mars 2009 til 7. mars 2010. Dei siste vekene fram til landsmøtet vert oppsummerte i årsmeldinga for neste arbeidssbolk.

Noregs Mållag er ein landsfemnande, friviljig medlemsorganisasjon med skrivarstove i Oslo. Det har ikkje vore fysiske ulukker eller skadetilfelle i 2009. Sjukefråværet har vore 41 dagsverk, noko som utgjer 3,2 prosent. Arbeidsmiljøet vert rekna som godt, og Noregs Mållag fylgjer prinsippa for likestilling i arbeidslivet både når det gjeld lønspolitikk og tilsetjingar. Verksemda til Noregs Mållag ureinar ikkje det ytre miljøet. Årsrekneskapen for 2009 gjekk med kring ein halv million i overskot, og den samla eigenkapitalen er eit godt grunnlag for vidare drift dei komande åra.

Årsmeldinga er ein rapport for det andre året i det tre-årig arbeidsprogrammet for 2008–2011 som landsmøtet i 2008 vedtok. Årsmeldinga omtalar i hovudsak arbeid

som er gjort eller som det er teke initiativ til frå styret og skrivarstova i Noregs Mållag. Ho omtalar dessutan noko av det arbeidet lokal- eller fylkeslag gjer, og også tilskippingar og særskilde hendingar som nærskylde organisasjonar har stått for. Årsmeldinga tek likevel ikkje mål av seg til å yta rettferd til det store arbeidet som vert lagt ned av lokal- og fylkeslaga i organisasjonen.

Årsmeldinga skal danna grunnlaget for landsmøtet si vurdering av arbeidet til styret og stoda for målreisinga og heile samskipnaden. I tillegg har årsmeldinga ein viktig funksjon som ein rapport frå Noregs Mållag til offentlege og private tilskotsytarar og samarbeidspartnarar, og årsmeldinga har i alle år vore den mest utfyllede rapporten om norsk målstrid og målreising som vert utgjeven. Styret har difor lagt vekt på å gje årsmeldinga ei utforming som òg gjer ho interessant for lesarar utanfor Noregs Mållag, sjølv om den primære målgruppa er samskipnaden.

Oslo, 11. mars 2010

Håvard B. Øvregård (leiar) Aud Søyland (nestleiar) Bente Riise Olav Kuvås
Kirsten Tegle Bryne Jon Todal Maria Svendsen Gudrun Kløve Juuhl (1. vara)
Gro Morken Endresen (dagleg leiar)



Styret i Noregs Mållag 2009-2010
Frå venstre: Jon Todal, Maria Svendsen, Bente Riise, Aud Søyland (nestleiar),
Håvard B. Øvregård (leiar), Kirsten Tegle Bryne, Olav Kuvås

Leiar

VI VEIT KVA, MEN KORLEIS? Siste året har vore prega av at det er lettare å få oppslutnad om kva ein skal oppnå, enn å finna ut korleis ein skal oppnå det. Sjeldan har det vore så stor konsensus om språkpolitikk, sjeldan har målrørsle og styresmakter vore meir samde, men samstundes vert det endå tydelegare at den verkelege utfordringa er å finna dei vegane, tiltaka eller løysingane som fører fram til målet.

MÅL OG MEINING Språkmeldinga *Mål og meinung*, *Stortingsmelding 35* (2008-09) om norsk språkpolitikk, vart vedteken i Stortinget 28. april 2009. Det var eit breitt fleirtal med alle partia utanom Framstegspartiet som stod bak dei overordna prinsippa som no skal liggja til grunn for språkpolitikken i Noreg.

Stortinget har med det stadfest at nynorsk og bokmål skal vera jamstelte på alle samfunnsområde, og at dersom denne jamstellinga skal verta reell, må nynorsken diskriminerast positivt. Det er òg slege fast at alle offentlege etatar har ansvar for å få gjennomført den norske språkpolitikken, og at det skal takast omsyn til språk når det vert laga politikk på andre område. Meldinga sannkjenner at det må takast særleg omsyn til nynorsk. For målrørsla er «*prinsippet nynorsk*» eit omgrep vi må merka oss og brukta aktivt i vårt arbeid opp mot offentlege etatar.

«*Nynorsk høyrer i utgangspunktet alltid med der norsk språk blir tematisert eller brukt. I dei tilfella der nynorsk likevel ikkje er ein relevant faktor, må dette legitimeraast aktivt og behova til nynorskbrukarane bli dekte. Det normale vil då vera at nynorsken blir rekna med. Dette er kalla prinsippet nynorsk.*» (*Mål og meinung*, s.82)

Dei overordna prinsippa frå denne stortingsmeldinga skal vi òg sjå att i andre offentlege meldingar og framlegg. Eitt døme er stortingsmeldinga om barnehagar frå hausten 2009 som stadfester at barnehagane mellom anna har som mål «*å styrke norsk språk generelt og nynorsk spesielt*» (s.67).

Språkmeldinga inneheld stort sett det vi ynskte skulle stå der. Problemene er korleis syta for at målsetjingane som er der, skal verkeleggjerast.

Vedtak vert ikkje oppfylde av seg sjølv, og erfaringa vår er at det er eit stykke mellom intensjonar på prent og den røynda som møter den einskilde språkbrukaren. Me er slett ikkje trygge på at departement og offentlege etatar klarar gjennomføra sine eigne mål heilt utan hjelp og eit lite spark i baken i ny og ne. Trongen for eit sterkt og synleg mållag er minst like stor no når politikken skal setjast ut i livet.



KUNNSKAPEN SOM VANTAR Hovudinnspelet frå Noregs Mållag til handsaminga av språkmeldinga var prioritering av og løyvingar til forsking på nynorsk i samfunnet – i opplæringa, i arbeidslivet og i det offentlege. Berre dersom me får god dokumentasjon på korleis stoda for nynorsken er i dag, kan me leggja ein plan for korleis me best kan auka statusen og utbreiinga slik at målet om full jamstelling kan nåast. Siste året har stadfest kor viktig dette er: Det trengst forsking på kva som påverkar målbytte og målval.

Det har i perioden vore eit særleg fokus på målbytte; skifte av hovudmål frå nynorsk til bokmål. Styret tok initiativ til eit regionalt prosjekt, og Valdresprosjektet *Målstreken* har gjeve oss meir data og kunnskap om målbytte i skulen. Denne kunnskapen burde koma frå forskingsinstitusjonar. Men når ikkje forsking på dette området er prioritert, så har styret valt å setja av midlar til dette prosjektet for å synleggjera kor naudsynt det er å skaffa godt forskingsmateriale på feltet. Styret har, for å få godt samanlikningsgrunnlag, starta tilsvaranande undersøking i Nordfjord.

Det har vorte klårt at me treng eit større forskingsprogram på norsk språk. Den norske skriftspråksituasjonen, den sterke stillinga for dei norske dialektane og dei sterke tradisjonane for offentleg språkplanlegging i Noreg burde alt saman vera interessante forskingsemne. Det same burde tilhøva for dei to norske språka i skuleverk og opplæring vera. Men me ser at det er forska forbløffande lite på dette. Difor har me òg lite påliteleg kunnskap om den verkelege språksituasjonen i Noreg i dag, eller om eventuelle endringar i denne situasjonen. Det er vanskeleg å førebyggja målbytte i skule og arbeidsliv når me ikkje veit nok om kva faktorar som verkar inn på og utløyser desse målbyta.

EIN REELL TOSPRÅKSPOLITIKK I EIT FLEIR-SPRÅKLEG NOREG «Korleis kan vi gjera Noreg tospråkleg» spurde vi på haustseminaret 2009. Både i regjeringa si Soria Moria-erklæring og i språkmeldinga vert det slått fast at Noreg skal vera eit tospråkleg samfunn.

«5.7.3 Ein reell tospråkspolitikk i eit kulturelt mangfald (språkmeldinga s.82)

Skal eit språk haldast i hevd, må det brukast. Både praktisk og økonomisk må det leggjast til rette for at nynorsk kan tryggja og styrkja posisjonen sin som eit levande bruksspråk så vel som eit likeverdig offisielt skriftspråk ved sida av bokmål.

Grunnlaget for ein demokratisk språkpolitikk i Noreg bør difor vera ei erkjenning av at Noreg er eit fleirkulturt og mangespråkleg samfunn der dei to norske målfornemne utgjer det fellesspråket som norske statsborgarar i utgangspunktet må kunna godt, og som innbyggjarar skal kunna bruka i alle samanhengar. Nødvendige umtak eller tilpassingar må utformast slik at dei ikkje rokkar ved dette utgangspunktet.»

Noko av det som har gjort meg argast siste året, er å sjå dei øydeleggjande konsekvensane sidemålsfritak for fleirspråklege elevar har hatt. Ikkje berre er det undergravande for nynorsken at ein monaleg del av folket kan «sleppa» å læra nynorsk, for det er så å seia alltid nynorsk som er sidemålet til dei som får fritak, men det er ei klår diskriminering og nedvurdering av innvandrar-etterkomarar sin intellektuelle og språklege givnad.

LAT DEI SMÅ BORNA KOMA TIL SPRÅKET. OG HINDRA DEI IKKJE Denne perioden har vi prioritert barnehagane som eit arbeidsområde. Barnehagane er staden born kan møta – eller ikkje møta – nynorsk. Det er staden der borna kan verta trygge i – eller avlærde – det lokalt nedervde talemålet, dialekten. Eit godt utval av nynorske barnebøker i alle barnehagar, som også vert lesne på nynorsk og ikkje omsette til bokmål eller dialekt, vil gjera det endå lettare for borna når dei seinare skal læra å skriva nynorsk, om det no er som hovudmål eller sidemål.

Vaksne har tydelegvis problem med å fatta kor stor evne born har til å læra fleire språk. Born er som svampar i møte med språk. Set du to småunger med kvart sitt språk i same leikegrind, tek det ikkje mange timane før dei har byrja seia ord, setningar – og kanskje syng songar – på den andre sitt språk. Det same trongsynet på born si språklæring finn me att i vegringa mot at fleirspråklege ungar skal læra eit ikkje-norsk morsmål skriftleg, med ein feilaktig argumentasjon på at det vil «gå ut over læringsa av norsk». Den utbreidde oppfatninga at språklæring er ein «kamp mellom ulike språk» er øydeleggjande. Særleg når røynda er at di tidlegare du møter fleire språk, di betre språkbrukar vert du.

Det er då uforståeleg at ikkje elevar med nynorsk som sidemål, startar opplæringa tidlegare. Skikkeleg teit, for

å seia det rett ut. Om elevane møter både språka frå småskuletrinnet av, etter fyrist å ha møtt det alt i barnehagen, ville vi kunna realisera det fastsette målet om at alle i Noreg skal kunna bruka både nynorsk og bokmål.

RESPEKT FOR DIALEKT, OG BETRE BARNETILBOD I NRK Det er lett å fokusera på dei utfordringane som framleis står att, men me skal ikkje gløyma alt det positive vi ser. Det gler oss når me ser korleis respekt for og verdsetjing av dialektane breier om seg. Reklamebransjen og næringslivet har byrja få auga opp for dialektane sin meirverdi i marknadsføring, og me ventar ein stadig veksande flaum av dialektmangfold i reklame-media.

Ein viktig normsetjar for språkbruk blant born og unge er NRK. Saman med Kringkastingsringen har vmesiste åra arbeidd tett opp mot NRK Super. Og det gler oss når me no byrjar få inn meldingar frå småbornsforeldre som har lagt merke til korleis nynorskdelene og dialektmangfaldet har auka på skjermen.

REGIONALE SATSINGAR OG STRATEGIAR I tråd med dei ulike strategiane arbeidsprogrammet legg opp til for geografiske område etter som det er nynorsk fleirtal, mindretal eller randsone, har me siste året satsa på regionale satsingar. Valdresprosjektet *Målstrekken* er eitt av desse, saman med liknande prosjekt i Hordaland og Nordmøre. Me ser klårt at ulike geografiske område treng sine eigne strategiar og verkemiddel. Samstundes er det viktig å dela erfaringar på tvers av regionane. Styret har prioritert å leggja til rette for slik erfaringsutveksling gjennom fellesmøte for dei prosjektansvarlege. Dette ser me har god nytte for organisasjonen.

MANGFALDSORGANISASJONEN NOREGS MÅLLAG Eg har i dette året prioritert å reisa på vitjing til lokale mållag og fylkesmållag. Og eg gler meg stort over det store mangfaldet me har i målrørsla. Mangfaldet i aktivitet, meininger, dialektar, aldrar, interesser, kunnkap og erfaring. Dette lovar godt for framtida.



Håvard B. Øvregård
Leiar Noregs Mållag

Målpolitiske arbeidsfelt

Nynorsk oppvekst

BARNEHAGE På landsmøtet i 2009 var arbeidet andsynes barnehagane eit eige seminar. Føremålet var å lyfta fram så vel prinsipielle sider ved dette arbeidet som konkrete døme på kva som kan gjerast. Like etter landsmøtet la Kunnskapsdepartementet fram ei eiga melding om barnehagen, kalla *Kvalitet i barnehagen* (*St.meld. nr 41 2008–2009*), der styresmaktene slår fast at «*Regjeringen har som mål at alle barn bør beherske norsk språk før de begynner på skolen. Det er også et mål å styrke norsk språk generelt og nynorsk spesielt.*» På same tid melder mest alle kommunar at dei ser på språkstimulering som viktigaste oppgåva til barnehagane. Sentrale styresmakter seier også at det skal vera ein klår samanheng i språkopplæringa mellom barnehage og skule. Endeleg har Nynorsksenteret sett i gang eit storstilt arbeid for å styrkja bruken av nynorsk i barnehagane, og det same har Samlaget. Utgangspunktet for eit breitt arbeid andsynes barnehagane kan knapt ha vore betre.

Noregs Mållag la fram merknader til meldinga på høyringa i Stortinget. Der la me vekt på at borna må møta både nynorsk og dialekt, og rustast best mogleg til skulestart. Nett dét er ekstra viktig for dei som skal ta til med nynorsk i skulen. Særleg er det viktig å draga fram førskulelærarutdanninga, der problemstillinga korkje er nemnd eller presentert. Såleis er problemstillinga ukjend for førskulelærarane den dagen dei skal byrja arbeida i ein barnehage.

I perioden har Noregs Mållag i samarbeid med lokallag teke initiativ til og sett i gang samarbeid med kommunar. I februar skipa Suldal Mållag og Suldal kommune ein større konferanse om korleis styrkja nynorsken i barnehagen. Konferansen var eit samarbeid med dei andre ryfylkekommunane, og konferansen samla 60 deltakrar, også frå kommunar utanom Ryfylke. Fleire lokallag har alt byrja arbeida andsynes kommunar og beinveges andsynes barnehagar i området sitt. På Nordmøre har fylkeslaget skipa det tredje kurset i konkret opplæring av barnehagetilsette. Ei rad lokallag gjev boksamlingar til barnehagar. Emnet har vore oppe på fleire lagssamlingar i perioden.

Noregs Mållag set denne vinteren i gang ein langvarig kampanje for språk- og kulturformidling i barnehagar. No i startfasen lagar me mykje nytt tilfang som er meint å brukast av heile organisasjonen; ei kokebok med idear til tiltak, eiga nettside, brosjyrar, hefte med informasjon om barnelitteratur osb. Gjennom året vil me leggja vekt på ulike tiltak som laga vonleg vil gjennomføra med lokal tilpassing.

Dette arbeidet er ikkje eit tidsavgrensa arbeid. For mange er det eit nytt arbeidsfelt, og me lyt prøva oss fram. Like eins opnar det for samarbeid med lag og organisasjoner, eit samarbeid som kan bera frukter for målarbeid andre stader med.

GRUNNSKULE Det var ingen røystingar i 2009, men i Gjemnes på Nordmøre kjem det ei røysting 15. mars. Røystinga kjem som resultat av skulesamanslåing. På Askøy og i Åmli er det uro om skulemålet, og det er store sjansar for folkerøystingar både stadene. Grunnlaget for skulemålsuro på desse stadene er det same som me møter mange stader: vilkåra for å vera nynorskskule. Trass i at nynorsk har vunne over helvta av skulemålsrøystingane siste tiåret, har me ofte tapt kvar einaste dag etter røystingane. Det er ei rekkje vilkår som lyt stettast for at det skal vera mogleg for nynorskskulane verkeleg å vera nynorskskular. Det same gjeld for elevane på desse skulane: Korleis evnar skulane og kommunane å gje elevane best mogleg vilkår til å verta trygge i språket sitt?

Dei store og til dels svært gode styringsdokumenta som er komne siste åra, *Mål og Meining* og *Språk bygger broer*, opnar for ein langt meir offensiv og god politikk i denne saka. Særleg viktig er det at kommunane tek ansvaret sitt og legg premissar for at nynorskskulane kan vera nynorskskular reelt, ikkje berre formelt. Det gjeld alt frå språkopplæringa i barnehagen, motivering og skolering av foreldra til elevane, språkpolitisk påverknad av dei tilsette på skulane, tilfanget av nynorsk litteratur og dataprogram og ikkje minst læremiddelstoda. I perioden har Noregs Mållag i samarbeid med lokallag hatt ei rad møte med kommunar der me nett drøfter vilkåra for nynorsk-

skulane og tiltak for å stetta desse. Det viser seg ofte at kommunane er svært opne for å samarbeida om tiltak som gjer det lettare for skulane å vera reelle nynorskskular. Sameleis gjer Nynorskcenteret mykje godt arbeid for å stø skular som set i verk positive tiltak.

På fleire skular der kommunane har vedteke nynorsk som opplæringsmål, viser det seg at fleirtalet av foreldra vel bokmål som opplæringsmål for borna sine. Årsaka er todelt; på den eine sida viser dette at kommunane ikkje har nokon plan eller idé om opplæringsmålet på skulane anna enn å vedta kva hovudmålet på skulen skal vera. Det andre er opplæringslova: Lova slår fast at kommunane skal vedta hovudmålet på kvar barneskule. På same tid kan foreldra suverent oppheva dette vedtaket ved at alle vel eit anna hovudmål for borna sine. Fram til 2002 var ikkje dette mogleg – då var det eit etterhald i lova som sa at «ved oppretting av språkdelingsklassar med anna hovudmål enn det som er vedteke for skulen, skal det vere att minst ti elevar med det opphavlege hovudmålet». Dette etterhaldet vart fjerna i samband med omlegginga frå klasse til gruppe. Det er svært viktig at denne sjølvmotseiinga i lova vert endra slik at foreldra ikkje kan oppheva kommunale vedtak om opplæringsspråket. Slik lova er i dag, vert jamvel folkerøystringar om opplæringsmålet ei meiningsløyse.

Talet på nynorskelever var gjekk ned med knapt 1700 elevar, prosenten var 13,3 mot 13,4 året før. Talet på bokmålselever gjekk òg attende med knapt 3000, like fullt auka prosenten bokmålselever med ein promille. Det var altså ikkje skulemålsrøystringar i fjar, og difor er det rimeleg å hevda at det fyrt og fremst er demografiske årsaker til endringa.

Trass i mykje vanskelegare vilkår for å få oppretta nynorske parallelklassar skuld endringar i opplæringslova, auka talet på fyrsteklassingar med nynorsk hovudmål litt. Denne auken har diverre ikkje rot i at talet på nynorske parallelklassar aukar. Eit framsteg var det at Minde skole i Bergen for fyrste gong fekk ein nynorskklasse. Noregs Mållag mottek jamt spørsmål frå foreldre over heile landet som ynskjer oppretta nynorskklassar. Det viser at interessa for å velja nynorsk for borna sine er der. Det gjeld for oss å få omsett denne interessa til røyndom.

På sidemålsfronten har det vore etter måten stille, jamvel om nokre kommunar støtt sender vonlause «søknader» til departementet om «fritak frå skriftleg sidemål». Til no har departementet blankt avvist søknadene. Utdanningsdirektoratet har i oppsummeringa si om den nye regelen om trekkesamen i sidemål for elevar på vidaregåande skule hevda at «fordi over helvita av elevane vart trekte ut til eksamen i sidemål, er ikkje statusen til sidemålet i skulen svekt». Det er ei altfor optimistisk haldning: Me veit at eksamsordningar styrer så vel undervisninga som haldningane til elevane (og lærarane). Det er eit av dei aller viktigaste kampområda for


målørsla å få attende eksamen i sidemål for alle elevar på allmennfagleg studieretning i vidaregående skule.

I perioden har Noregs Mållag i samarbeid med Valdres Mållag og Hordaland Mållag sett i gang kampanjar for å stogga målbytet mellom nynorskelever. I Valdres vart det gjennomført ei gransking for å kartleggja kor mange som byter. Tala var nedslående; over to tredelar av elevane i Valdres byter frå nynorsk til bokmål. Valdres Mållag har sett i gang eit arbeid andsynt offentlege og private institusjonar for å samarbeida om tiltak som kan heva terskelen for målbyte. Det er fleire vilkår som spelar inn for kvifor elevane byter, og det er avgjerande at me evnar å få med dei folkevalde i arbeidet, det vil seia lyfta saka opp som ei viktig kulturpolitisk sak som vedkjem alle.

LÆRARUTDANNINGA Nykelen til ei vellukka opplæring er sjølvsgatt læraren. Lærarutdanninga har vore sentral i det offentlege ordskiftet om stoda i skulen. Styresmaktene har erkjent at det faglege nivået i lærarutdanninga ikkje er godt nok for at studentane skal evna å gje elevane sine ei fullgod opplæring. For nynorsken har dette vore openbert i fleire tiår. No skal alle norsk-lærarar på ungdomssteget ha eitt års obligatorisk norsk i lærarutdanninga. Dette kan verta eit framsteg, men det er like fullt slik at lærarutdanninga ikkje har obligatorisk opplæring i nynorsk. På same tid er det eit tilbakesteg at norsk ikkje er obligatorisk fag for lærarstudentar som vel å utdanna seg for undervising frå 5.-10. klassesteg, kravet gjeld einast dei som vel norsk. Dette er heilt i motstrid til kravet om at grunnleggjande lese- og skrive-tame skal integrerast i alle fag. Alle lærarar er norsk-lærarar, såleis må alle lærarstudentar ha obligatorisk norsk i utdanninga si. Noregs Mållag får jamt førespurnader frå høgskular som har lærarutdanning, om å ha kurs i nynorsk for studentane sine, ei oppgåve som skulle vera for høgskulane sjølve.

NORSK FOR VAKSNE INNVANDRARAR For vaksne innvandrarar som ynskjer å læra nynorsk, er stoda vorten litt betre, men langt frå god nok. Det vert jamt utvikla nye læremiddel, og nynorskkommunar som tilbyd norskopplæring for vaksne innvandrarar, er flinke til å ta desse i bruk. Likevel melder mange nynorskkommunar om at dei tilrår å gje bokmålsopplæring til vaksne innvandrarar fordi det manglar både læremiddel og kvalifiserte folk til å gje denne undervisinga.

LÆREBOKPRODUKSJONEN Dei tre føregåande haustane har vore prega av innføringa av gratis læremiddel for den vidaregåande skulen. Mykje har vore dårlig eller mangla av læremiddel for nynorskelevane, sjølv om det kan sjå ut til at totalbiletet ser litt betre ut for kvart år. No er det yrkesfaga som har teke støyten dei siste to åra, og me har difor arbeidd for å få store nok løyvingar til produksjon av parallelutgåver i fag med



MÅLBYTE Prosjektleiar Karen Marie Kvåle Garthus i Valdres-prosjektet stiller det sentrale spørsmålet til elevar i Valdres. (Foto: Bjørn Karsrud)

lågt elevgrunnlag. Me har heile vegen streka under at for dei to–tre årskulla som får studietida øydelagd av manglane eller därleg pensum på nynorsk, hjelper det lite at bøkene kjem eitt eller to år seinare. Situasjonen i den vidaregåande skulen er truleg ein del av bakgrunnsteppet for at ein god del elevar skiftar hovudmål til bokmål.

PROGRAMVARE Samstundes med innføringa av gratis læremiddel for elevar i vidaregåande skule vart det innført ei ordning med gratis datamaskin. Dette har fylkeskommunane løyst anten gjennom stipend til eige innkjøp eller med utlån av datamaskiner. Mållaget har i fleire møte med Utdanningsdirektoratet, Kunnskapsdepartementet og i møte med Løvebakken Mållag oktober 2009 kravd at elevar med nynorsk hovudmål må få datamaskiner med nynorsk programvare. Det er diskriminerande om dei som ynskjer nynorsk må finna fram til og installera dette sjølv, medan bokmålselevane får programvara lagd til rette på eige hovudmål på sine maskiner. Me har så langt ikkje nådd fram i denne saka.

OPPLÆRINGSLOVA I februar 2009 var det høyringsfrist for ei forskriftendring som skal presisera parallelitetskravet til læremiddel. Endringa er føreslegen fordi særleg læremiddelprodusentane meiner det har vore svært

uklare reglar om dei same krava gjeld digitale læringsressursar som trykte læremiddel. Noregs Mållag har fleire gonger etterlyst kva tid saka er venta ferdig handsama, slik at presiseringane i regelverket kjem elevane til gode. Me har ikkje fått tidsplan for sakshandsaminga, men har fått opplyst frå Kunnskapsdepartementet at endringane skal vera på plass før skulestart hausten 2010.

OVERSYN OVER MANGLANDE LÆREMIDDEL
I mange år har det vore ei viktig sak å få eit komplett oversyn over kva fag som har læremiddel i parallelutgåve, og kvar det er manglar. Det gjeld både dei faga som manglar nynorskutgåver, og dei faga som manglar læremiddel både på nynorsk og bokmål. Etter at godkjenningsordninga for læremiddel vart fjerna i 2000, har dette vore mest uråd å få fullt oversyn over, og det gjer det vanskeleg å vita kor stor løyving som trengst til produksjon av parallelutgåver i fag med så lågt elevtal at forlaga kan søkja om produksjonsstøtte. Utdanningsdirektoratet melde i haust at dei vil laga eit slikt oversyn denne vinteren. No viser det seg at me neppe får eit komplett oversyn, men at dei berre systematiserer informasjonen som kjem til dei gjennom søknader om støtte til produksjon.

NASJONAL DIGITAL LÆRINGSARENA (NDLA)

NDLA er eit samarbeid for produksjon av digitale læringsressursar mellom 18 av dei 19 fylkeskommunane. Berre Oslo står utanfor samarbeidet. NDLA vart skipa då Stortinget vedtok å gjera læremiddel i vidaregåande skule gratis for elevane. Ordninga etter vedtaket har vore at fylkeskommunane får overført midlar til fordeling til sine vidaregåande skular, til kjøp av læremiddel. Læremidla blir lånte ut til elevane. Kvart år i dei tre reformåra som nett er over, er det overført om lag 350 millionar kroner til fylkeskommunane. Fylkeskommunane som er med i NDLA, bruker ein del av læremiddeloverføringa frå staten til utvikling av elektroniske læringsressursar innanfor NDLA, og reduserer overføringa til skulane for innkjøp av læremiddel. Med andre ord vert skulane i praksis pålagde å bruka NDLA fordi dei ikkje får pengar til innkjøp av læremiddel i alle fag, og NDLA er det einaste som er gratis tilgjengeleg.

Noregs Mållag kritiserte NDLA�yrste gongen i 2007 gjennom Nynorsk forum, då det synte seg at dei hadde planar om berre å produsera 20 % av stoffet på nynorsk. Dei tok då eit steg attende og utsette lanseringa av læremidla. Noko vart lagt ut hausten 2008, og fleire fag kom til hausten 2009. Denne hausten og vinteren har me sett nærrare på læremidla dei tilbyr, mellom anna fordi elevrådet ved Hafstad vidaregåande klaga på kvaliteten.

Det er publisert læringsressursar i 17 fag på sidene til NDLA. Dei reknar sju av faga som fullverdige og ferdige, medan dei ti siste er under utvikling og skal vera ferdige til sumaren. Gjennomgangen viser at nynorsken i fleire av faga er därlegare enn i noko anna læremiddel me har sett før. I møte med NDLA i byrjinga av februar tok dei sjølvkritikk på den språklege kvaliteten og skulda

på at dei hadde hatt for därlege omsetjarar. Me sat att med eit inntrykk av at det har mangla ein intern språk-

leg kvalitetskontroll før publisering av stoff. I møtet lova dei også frå NDLA si side at dei skulle retta opp språket i faget kroppsøving innan 19. februar, og at alle fag som ligg ute etter 1. mai i år, skal tilfredsstilla kravet til språkleg parallelitet.

På møte med Nynorsk forum like etter NDLA-møtet vekte rapporten frå desse læremidla sterke reaksjonar. Responsen leidde til meir brevskriving med NDLA, og brevet gjekk også i kopi til fylkesordførarane i vestlandsfylka attåt ein del medium.

I februar kom det også svar frå Kunnskapsdepartementet etter at me hadde gjort dei merksame på den därlege nynorsken og spurt kva departementet ville gjera for å sikra rettane til nynorskelevane. Departementet skriv i korte ordelag at dette ikkje er deira ansvar, og dei oppmodar Noregs Mållag «om å ta dei faglege kommen-

tarane direkte med NDLA, slik at dei kan komme rette personar for øre».

To år etter at stortingsmeldinga om språk, *Mål og meinung*, vart lansert som den viktigaste meldinga kulturministeren hadde lagt fram, er altså vilkåra for neste generasjon nynorskbrukarar at staten betaler for læremidla deira, fylkeskommunane går saman om det interkommunale selskapet NDLA som får pengar og mandat til å laga læremiddel, og fylkeskommunen krev deretter at elevane brukar nett desse offentleg produserte læremidla. Og dei finst ikkje på akseptabel nynorsk.

Media og informasjonsteknologi

RIKSAVISENE Regjeringa har oppnemnt eit utval som skal vurdera bruken av økonomiske verkemiddel på medieområdet. Mediestøtteutvalet skal levera ei innstilling innan 1. januar 2011.

Bakgrunnen er dei store endringane i medievanane til lesarane, med påfylgjande svikt i annonseinntekter. Dette har vorte ei stor utfordring for dei største avisene, og for *Dagbladet* har det vorte dramatisk. Men sjølv VG har kutta 130 årsverk i redaksjonen sidan 2006, og 70 millionar kroner i budsjettet. For ti år sidan hadde éi av ti A-presseaviser opplagsnedgang. I dag er det ni av ti.

Det har resultert i eit ordskifte om kva avisar som skal få nyta godt av pressestøtta. Aviser som *Dagsavisen* og *Nationen* er heilt avhengige av direkte tilskot, noko *Dagbladet* ikkje får. Samstundes har nettavisar overteke mange av lesarane og mykje av ordskifta. Heile grunngevinga for den økonomiske støtta til papiravisar er sjette ledd i § 100 i Grunnlova som seier at det er eit offentleg ansvar å «lägge Forholdene til Rette for en aaben og oplyst offentlig Samtale». Når denne samtalen føregår i nettavisar, burde éi ikkje i så fall støtta desse nettavisene på same måte som papiravisene?

Når utgangspunktet for Mediestøtteutvalet sitt arbeid er den økonomisk pressa situasjonen som mange avisar er i, så er det ikkje overraskande at det er lite prinsipielle problemstillingar i mandatet, t.d. om avisar som får tilskot, må opna for nynorsk. Halmstrået ligg i at utvalet skal finna fram til verkemiddel som kan verka til «å oppfylle statens infrastrukturansvar og de politiske målsetningene på medieområdet». Om meir nynorsk i norske avisar vert eit politisk mål i løpet av året, så kan éi vona at det vert ei endring på feltet. Mange av dei såkalla meiningsberande nynorskvenlege avisene som *Klassekampen* og *Morgenbladet* er avhengige av direkte stønad.

Spørsmålet om nynorsk i VG og *Dagbladet* er viktig, då det er mellom dei klåraste brota på rettane til nynorskbrukarane. Lærarmållaget og studentmållaga samarbeider difor om ein underskriftskampanje, der éi i møte med studentar bed dei om å skriva under på eit opprop.



leg kvalitetskontroll før publisering av stoff. I møtet lova dei også frå NDLA si side at dei skulle retta opp språket i faget kroppsøving innan 19. februar, og at alle fag som ligg ute etter 1. mai i år, skal tilfredsstilla kravet til språkleg parallelitet.

På møte med Nynorsk forum like etter NDLA-møtet vekte rapporten frå desse læremidla sterke reaksjonar. Responsen leidde til meir brevskriving med NDLA, og brevet gjekk også i kopi til fylkesordførarane i vestlandsfylka attåt ein del medium.

I februar kom det også svar frå Kunnskapsdepartementet etter at me hadde gjort dei merksame på den därlege nynorsken og spurt kva departementet ville gjera for å sikra rettane til nynorskelevane. Departementet skriv i korte ordelag at dette ikkje er deira ansvar, og dei oppmodar Noregs Mållag «om å ta dei faglege kommen-

REGIONS- OG LOKALAVISER Sjølv om det er lite truleg at det kjem eit nynorskkrav til avisene som får støtte, så er det spanande å sjå kva utvalet kjem fram til. Nynorsk journalistikk er best representert i lokal- og regionsavisar. Desse nyt godt av tilskota frå staten. Dette er avisar som ikkje i like stor grad har merka lesarane sin overgang til Internett. Om støtteinordningane vert vinkla meir over mot nettavisar, vil det vera viktig at overføringane, direkte eller indirekte, blir haldne på det same nivået som no for dei avisene som blir heilt eller delvis redigerte på nynorsk. Opplagstala for avisar som vert redigerte på nynorsk, held seg nokolunde stabilt på om lag 350 000.

SAMISKE AVISER I 2009 vart det arbeidd med å sjå nærrare på stønaden til dei samiske avisene. Målet er at ein skal finna ei naturleg fordeling for støtta til lule-, nord- og sør-samisk, og Kyrkje og kulturdepartementet sende ut eit høyringsnotat. Norsk Redaktørforening tek i sitt høyringsinnspel til orde for å ta ut stønaden til samisk språk frå den vanlege budsjettposten for pressestøtte og heller flytta til ein eigen post for språktildskot. Mållaget har ikkje sendt høyringsfråsegn i denne saka, men resultatet for samisk kan vera interessant å ha kjennskap til for oss også.

NETTAVISER På Mediedagane i 2008 skipa Noregs Mållag til seminar om nynorsken i dei store nettredaksjonane, fordi styret valde å prioritera nettjournalistikken i det vidare arbeidet med å få nynorsk inn i riksavisene. Der fortalte VG Nett-journalist Jostein Matre at mykje av nettjournalistikken var personleg. Det var ingen som nekta han å bruka nynorsk når han laga innslag for VG TV, som er ein del av VG Nett. Når Matre no skriv korte meldingar på Twitter som journalist i VG Nett, så gjer han det på nynorsk. Mellom anna kunne ein lesa dei raske oppdateringane hans frå utdelinga av Nobels fredspris på nynorsk. Det ser ut til at det uformelle og personlege ved nettavisene kan opna for nynorsken meir enn i dei trykte papiravisene.

VINJEFONDET Vinjefondet fekk eit statstildskot på 500 000 kroner, og Nynorsk kultursentrum fekk ansvaret for å administrera fondet. Under Dei nynorske mediedagane var det eit ope møte om korleis Vinjefondet kan nyttast til å styrkja nynorsk journalistikk.

Retningslinjer for fondet er vedtekne i styret i Nynorsk kultursentrum, og vart godkjende av departementet i desember 2009. Styret i Nynorsk kultursentrum vil våren 2010 oppnemna eit fagråd som innstiller til styret.



PRIS Programvert Yasmin Syed i NRK fekk Kringkastingsprisen 2009 for framifrå bruk av nynorsk. (Foto: Kjartan Helleve)

Midlane for 2009 og 2010 vart lyste ut samla våren 2010 med planlagd tildeling i juni 2010.

NYNORSKE MEDIEDAGAR Mediemållaget skipa til Dei Nynorske Mediedagane i Oslo i oktober. Føremålet er å skapa ein arena for organisasjoner og verksemder som arbeider med og for nynorsk i media. I år var det m.a. eit nynorskkskurs for journalistar, eit ordskifte om Vinjefondet og ei feiring av Fedraheimen. Oppmøtet var varierande, men m.a. essaykurset som Syn og Segn skipa til, var fullteikna.

NYNORSK REDAKTØRPRIS Nynorsk redaktørpris vart delt ut for sjette gong og gjekk til Christian Fredrik Stabell i *Os* og *Fusaposten*. Han fekk prisen for

å syta for god og korrekt nynorsk i lokalavisa. Stabells språklege haldning har utan tvil vore medverkande til at nynorsken framleis står så sterkt i Os, like i nabolaget til Bergen.

REKLAME For nokre få år sidan endra reklamespråket seg slik at også nynorsken fekk rom i éin eller eit par større reklamekampanjar gjennom året. Kvart år seinare har me sett nye døme på nynorske reklamekampanjar, og utviklinga i reklamespråket er svært positiv. I fjor haust sende Aker ut ein lang reklamefilm der lydsida var Anderz Eide som las «Nordmannen» av Ivar Aasen. Filmen var påkosta, og skulle syna korleis industrinasjonen har vakse fram. Sjølv om filmen var i overkant fyld av patos og hardtarbeidande menn, så vart Aker nok eit stort nasjonalt selskap som nyttar nynorsk i marknadsføringa.

Seinare produserte NHO ein liknande film, som i utgangspunktet vart produsert til internt bruk. Filmen er ein hyllest til gründerar som Kjell Inge Røkke og Stein Erik Hagen. Også her valde dei å nyttar nynorsk tekst, som Henrik Mestad las.

Det er ikkje utan signaleffekt at så store selskap som Aker og NHO tek nynorsken i bruk.

Det har òg effekt når lokale verksemder tek nynorsk i bruk. På Voss tok butikksjef Marit Helgaset på Coop Extra ansvar og omsette store salsplakatar til nynorsk.

FJERNSYN NRK har i fleire år fått kritikk frå Medie-tilsynet i allmennkringkastingsrapporten for manglande oppfølging av kravet til minimum 25 % på kvar av dei to målformene nynorsk og bokmål. Mållaget har saman med Kringkastingsringen hatt ein tett dialog med NRK om dette det siste året, og særleg med avdeling barn/Super i NRK Marienlystdivisjonen. Med klårt mål og forventning om auke av nynorskdelen i program for born til dei vedtekne 25 %, har ein kome med innspel på tiltak og gjeve tilbakemelding til avdelinga på kvar-talsvise møte.

Etter det me kan sjå, har dette arbeidet hatt godt resultat, og me har fått fleire tilbakemeldingar på at det er meir nynorsk og dialekt i NRK sine sendingar for born. Me opplever også at NRK har auka innsatsen for å leggja til rette for produksjon av program for born på stader utanfor det sentrale austlandsområdet. Me ser på NRK sitt programtilbod for born som eit område der me har lukkast godt med arbeidet vårt i 2009. Det er likevel naud-synt med sterk auke i nynorskdelen i dette programtilboden også for 2010 for at ein skal nå dei kravde 25 %.

PROGRAMVARE Den nye versjonen av Windows, Windows 7, vart lansert i 2009, men kom ikkje med nynorsk. Den nynorske tilleggspakka skal visstnok koma i 2010, og vil då vera tilgjengeleg på www.microsoft.no/nynorsk. Noregs Mållag har vore med og testa nynorsk brukargrensensnitt og handskriftsattkjennung til Windows 7.

Nettlesaren Firefox tek stadig større delar av marknaden. Fordelen med denne nettlesaren er at nynorsk- og bokmålsoppdateringane kjem samstundes. Nettlesaren Opera gjer det mogleg å nettsurfa på nynorsk frå mobiltelefon.

I skulen er også programvare for elektronisk kommunikasjon mellom lærar og elev vorten meir vanleg. Dei to vanlege programma er Fronter og Skolearena, som er ei programvare innanfor It's learning. Etter at It's Learning kom på nynorsk i 2009, finst både desse på nynorsk.

Med overgangen til digital-TV må ein skaffa seg ein ny mottakarboks for å sjå TV-signala. Desse boksane har stort sett berre tekst på engelsk. Det finst eit unntak, Humax CXHD-3000T, som er omsett til nynorsk. Denne omsetjinga er ikkje gjord tilgjengeleg for kundane enno, men me er lova at det skal skje ved ei programvareoppdatering. Den norske importøren har ikke lenger ein avtale med Humax, og det gjer vidare arbeid med saka vanskeleg.

SPRÅKTEKNOLOGI Apertium er eit program for maskinomsetjing mellom ulike språk. Utviklinga er finansiert av styresmaktene i Spania, delstaten Catalonia og av Universitetet i Alicante. Google finansierte eit prosjekt for omsetjing mellom bokmål og nynorsk. Ettersom prosjektet har open kjeldekode, finst det no tilgjengeleg ei tagga ordliste for omsetjing mellom bokmål og nynorsk. Dette er eit stort framsteg for norsk språkteknologi.

Via <http://www.apertium.org/> kan ein omsetja nettsider på bokmål til nynorsk, eller den andre vegen.

Seksjonsoverlege Ottar Rekkedal fekk prisen frå Nynorsk kultursentrum som Årets nynorskbrukar for arbeidet sitt med å få diktata sine skrivne ut på nynorsk. Taleattkjenningsprogrammet fanst berre for bokmål. Kultur- og kyrkjedepartementet støtta Rekkedal, og Sykehuset Innlandet lova å skjerpa seg.

Lesebretta er i ferd med å verta eit reelt alternativ til papirbøker. Førebels er lesebrettet frå Amazon, Kindle, det vanlege. Norske forlag arbeider med ei løysing som skal ta opp konkurransen med Kindle, og norskproduserte bøker er difor ikkje å få på lesebrett enno. Unnataket er boka *Østfoldmål*, produsert av Østfold Mållag, som har fått ei ordning med Amazon, og som truleg er den fyrste norske boka som kan lastast ned til eit Kindle-lesebrett.

INTERNETT Det er framleis få nettressursar på nynorsk, og nynorsk Wikipedia er difor eit viktig tilskot og ein god møtestad for nynorskbrukarar. Den nynorske utgåva av det frie nettoppslagsverket Wikipedia har no over 53 000 artiklar. Nynorsk Wikipedia vart grunlagd 31. juli 2004. Wikipedia på bokmål og riksmaål har over 247 000 artiklar. Det var ei sak i media om at nynorsk Wikipedia hadde under 1 % av brukarane i Noreg, og såleis låg under mellom anna russisk Wikipedia i bruk


Jon Fosse

Jon Olav Fosse, forfattar, dramatikar og omsetjar, ei særmerkt royst i ny norsk litteratur og mellom dei mest spela nolevande dramatikarane i verda.

Fosse vart fødd i Haugesund 29. september 1959. Han vokt opp i Strandebarm i Kvam kommune. Han studerte litteraturvitenskap i Bergen, der han no er busett, og debuterte som romanforfattar med boka Raudt, svart i 1983. Seinare kom det fleire romanar, diktsamlingar og etter kvart barnebeker. I 1989 kom essaysamlinga Frå telling via showing til writing. Fosse debuterte som dramatikar i 1993, og det er på det området han har hatt storst suksess. Bokene hans er omsette til meir enn tretti språk. Å lese skjønnlitteraturen til Jon Fosse er å kome inn i ei anna verd. Det er ein rytmje i språket som ikkje finst i skrift andre stader, men samstundes er det noko attkjennande også i dette uvanlege: Fosse skriv slik folk tenkjer, særleg når dei er opposte over eitkvart og ikkje kjem ifrå det.

[LES MEIR](#)

Linda Eide



ALLKUNNE Håvard B. Øvregård måtte i oktober steppa inn for Bård Vegar Solhjell og fekk dermed æra av offisielt å opna nettleksikonet allkunne.no. (Foto: Kjartan Helleve)

mellan folk som bur i Noreg. Denne statistikken viser berre kor mange som går frå eitt språk og vidare til den engelske versjonen. Dei som går inn på nynorsk Wikipedia og berre les artiklar der, kjem ikkje med i talmateriale. Statistikken er truleg misvisande for korleis bruken mellom ulike språkversjonar i Noreg faktisk fordeler seg, m.a. fordi eit søk på nettet vil få bokmålstreffa øvst på lista. Difor vil mange klikka på bokmålslenkja på vegne mot engelsk Wikipedia.

I 2009 vart allkunne.no, eit digitalt oppslagsverk på nynorsk, lansert. Prosjektet er drive av Allkunne AS, eit selskap ått av Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrums. Til å byrja med legg allkunne.no ut artiklar om nynorsk kulturhistorie, men det vil på lengre sikt koma artiklar om andre emne også.

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa har lansert Nynorskbok.no med tips til nye, gode nynorske bøker som høver for ulike aldersgrupper. Dei driv også sida Les for meg! med tips til formidling av nynorsk litteratur for born.

Den nynorske nettbokhandelen bokdykk.no vart lansert i 2008, og har overteke arbeidet med Blåmann barnebokklubb. I 2010 selde Det Norske Samlaget seg



ut av bokdykk.no, som vart overteke av Trond Økland og Michael Dorfman fra Florø.

Ein kan merka seg at store og mykje brukte nettstader som Facebook og Google finst i nynorskversjonar, der omsetjinga er gjord på dugnad av brukarane. Dette gjeld også andre nettenester som til dømes Netvibes.

Næringsliv

REKLAMEFILMAR på nynorsk som dei før nemnde frå Aker og NHO er døme på auka opning for bruk av nynorsk i næringsliv. Det er stadig fleire som ser at nynorsk kommuniserer at noko er ekte, folkeleg og til å lita på. Men førebels ser dette i stor grad ut til å vera avgrensa til einskildkampanjar. Auka dominans frå nasjonale kjeder med språkleg einsretting er eit trugsmål mot nynorsk som næringslivsspråk, slik ein til dømes ser i varehandelen. Coop Extra Skulestadmo på Voss er eit godt døme på at det også er mogeleg for einskildbutikkar i større kjeder å bruka nynorsk.

Mellom lokalt forankra tiltak ser ein at fleire nytar nynorsk i kommunikasjonen. Gode døme her er Iskremgarden (Jæren), Balholm (økologisk fruktjus,

Sogn), Hasla (sylvsmie/smykke, Setesdal) og Små Veser (bryggeri, Valdres).

Større reklamebrukarar som Kari Traa og Lerum held fram med å visa at nynorsk har verdi som reklamespråk. Lerum og reklamebyrået deira vann i januar 2010 gullmedalje og fire stjerner i Stella-tevlinga, som er reklame- og designbransjen si store årlege tevling. Utmerkinga kom i kategorien Design – produktidentitet for kampanjen for «Lerums utvalde».

NÆRINGSLIVSPRIS Juryen har utsett endeleg handaming av næringslivsprisen 2009 til våren 2010.

Kultur og kulturpolitikk

LITTERATUR Talet på nynorske bokutgjevingar har vore stabilt dei siste førti åra. Om lag 7 % av utgjevingane kvart år er på nynorsk. I perioden 2006–2008 vart det gjeve ut 103 skjønnlitterære nynorskbøker for born, men berre 18 sakprosabøker for same aldersgruppa. Også i prosent av det totale talet på utgjevingar ligg sakprosabøker noko lågare enn skjønnlitteratur. Det kan ikkje vera tvil om at utvalet av sakprosabøker er for dårlig for nynorskbrukande born. (Tala er henta frå Språkfakta 2010, Aasentunet.)

I januar var Maria Parr si bok *Tonje Glimmerdal* den mest selde barneboka i Noreg. Det er berre toppen av eit nesten utruleg år for den unge forfattaren. Det har blitt ei rad prisar og utmerkingar, inkludert Bragepris og Kritikarpriis for beste barnebok. Når no NRK skal laga tverserie av den fyrste boka hennar, *Vaffelljarte*, er ho truleg sikra ein plass i den litterære fyrstedivisjonen her til lands.

Suksessen til Parr, kombinert med godt sal av Anna Gavalda i norsk omsetjing ved Tove Bakke, gjorde at Samlaget hadde eit godt år. Før jol vart det likevel klårt at forlaget ville kutta talet på tilsette for å vera betre rusta til ein kvardag utan store innkjøp av lærebøker. Som ein del av denne omlegginga selde Samlaget seg ut av Bokdykk og Blåmann Barnebokklubb. Trond Økland og Michael Dorfman frå Florø skal driva selskapa vidare. Skald vann gullmedalje i konkurransen om Årets vakraste bøker 2009. Prisen gjekk til illustratør Stina Langlo Ørdal og formgjevar Silje Nes for *Ordleiksbona* av Olav Husby.

Selja Forlag gav ut 17 bøker i fjor, og totalt har det vesle forlaget gjeve ut 125 bøker. Forlaget markerte seg i fjor ved saman med Førde Mållag og Førde Libris å dela ut 1100 gratis nynorske barne- og ungdomsbøker til barneskulelevar.

Den nynorske barnebokfestivalen Falturiltu gjekk av stabelen på Stord med Erna Osland som festivaldiktar. Nynorske Litteraturdag i Aurland hadde om lag tusen betalande gjester i tillegg til dei som vitja gratistilskipingar. **DIKTARVEGEN** Marny Skeie Henkel har fått prosjektansvaret for Diktarvegen. Ho skal verka som prosjektleiar fram mot ein konferanse i Balestrand våren

2010. Diktarvegen skal verta den fyrste litteraturreuta i Noreg. Diktarvegen skal følgja rv. 13, og gå frå Jæren i Rogaland, via Ryfylke, Hardanger, Voss og Sogn og enda i Sunnfjord i Sogn og Fjordane.

GARBORGSENTERET Stortingets familie- og kulturkomité vedtok i desember ei innstilling til statsbudsjettet for 2010, med ein positiv merknad om realiseringa av Nasjonalt Garborgsenter. Merknaden slo fast at senteret vil kvalifisera som eit nasjonalt senter. Regjeringa fylgte seinare opp med ei løyving på 7 millionar kroner til etablering av innhaldet i senteret. Arbeidet med bygget går etter planen.

LITTERATURPRISANE Nynorsk litteraturpris 2008 gjekk til Gunnhild Øyehaug for *Vente, blink* (Kolon). Sissel Horndal fekk Nynorsk barnelitteraturpris 2008 for biletboka *Himmelspringaren* (Mangschou).

MUSIKK 2009 vart fyrste året då det vart selt meir norsk musikk enn utanlandsk; dei seks mest selde platene var alle norske. Aller mest selde *Strålende jul* med Odd Nordstoga og Sissel Kyrkjebø, som nesten bikka 400 000 selde plater. Sjølv om mange norske populærmusikalske orkester framleis vel å syngja på engelsk, så er artistar som nyttar norsk, godt synlege. Blant dei som syng på norsk, er dialekt og nynorsk godt representer, ein tendens som har vorte tydelegare dei siste åra. I klassen for beste rockeplate til Spelemannsprisen var til dømes både DumDum Boys' *Tidmaskin*, John Olav Nilsens *For sant til å være godt* og Skambankts *Hardt regn* nominerte. Dei nemnde artistane er likevel berre døme på norskspråklege einskildartistar eller grupper. Me tek ikkje mål av oss til her å presentera eit fullstendig oversyn over norskspråkleg musikk.

Tidlegare leiar i Mållaget, Maria Høgetveit Berg frå Ål i Hallingdal, vart vald til den fyrste styreleiaren i Folkemusikk- og folkedansorganisasjonen. Organisasjonen er ei samanslutning av Landslaget for Spelemenn (Lfs) og Norsk Folkemusikk- og Danselag (NFD). Redaktøren for det nye bladet Folkemusikk bruker nynorsk, slik det òg var tradisjon for i forløparen Spelemannsbladet.

Offentleg målpolitikk og målbruks

NY OFFENTLEG SPRÅKPOLITIKK *Mål og mein*, Stortingsmelding 35 (2008-09), bar bod om at styresmaktene skulle ta den delte språkkulturen i Noreg på alvor. Snart to år seinare er det ikkje godt å få auga på dei faktiske tiltaka som har styrkt nynorsken. Stortingsmeldinga var sak på landsrådsmøtet i desember, og signala frå statsrådskontoret var positive og svært inviterande til eit samarbeid framover. Nynorsk forum (samarbeidsorgan for alle nynorsktiltak) har i fellesskap fordelt oppgåver organisasjonane og institusjonane imellom, og vil



NY LOV: – Det er på høg tid nynorsken blir representert i det lovverket departementet forvaltar, sa Olje- og energiminister Terje Riis-Johansen då han la fram framlegg til ei lov om fornybar energi til havs. (Foto: Kjartan Helleve)

på det viset fylgja opp gjennomføringa av dei godt og vel hundre tiltaka meldinga baud på.


OFFENTLEG MÅLBRUK Attåt skulen er den offentlege språkbruken ein av svært få stader der folk i bokmålsstrok møter nynorsk. Då vert det viktig at statsorgana faktisk følgjer mållova og bruker minimum 25 % nynorsk i tilfanget sitt, ikkje minst på nettsidene som i større og større grad er lagde opp til å vera staden der innbyggjarane skal finna informasjonen dei har bruk for. Det er ikkje tillitsvekkjande at dei fleste statsorgan ligg langt under krava i mållova. Heller ikkje at det ser ut til å vera personavhengig og knytt til ein nynorskbrukande statsråd dei gongene departementa leverer det dei skal.

POSTEN NOREG AS Det er i dag ikkje råd å få frankeringsmaskiner som stemplar frankeringstrykket med Noreg, utan å bera ekstrakostnaden sjølv. Hausten 2009 skrev me brev til Posten med kopi til Samferdsle-

departementet, Kulturdepartementet og Språkrådet med spørsmål om kvifor ei slik teneste ikkje er ein del av konsesjonsgrunnlaget for levering av frankeringsmaskiner. Det har gått fleire brev mellom dei involverte departementa etter den tid, då Posten ikkje meiner at dei har noko med kva tilbod næringslivsaktørar gjev. Siste utspel frå Kulturdepartementet var eit brev der dei bad Posten vurdera ein gong til om dei kunne leggja til rette på ein betre måte enn i dag. Lite tyder på at saka er løyst før me har gått nokre rundar til.

I januar måtte me nok ein gong skriva brev til Posten då Rogaland Mållag melde at postkontora i fylket ikkje hadde nynorske frimerke før jul. Dei hadde også fått fleire svar frå tilsette om at Posten ikkje laga nynorske frimerke lenger. Me har fått svar om at alle tilsette i Posten skal vera velkjende med krava til å ha frimerke både på nynorsk og på bokmål, men at dei skulle informera ein gong til for å vera på den sikre sida.

KYRKJERÅDET I samband med høyringa om salmeboka og den nye liturgien som Kyrkjeraådet sende ut førre arbeidsåret, klaga Mållaget til liks med mange andre på den dårlige nynorsk i dei utsende høyringsdokumenta. Sumaren 2009 bad me om eit møte for å diskutera kva språkpolitikk og rutinar Kyrkjeraådet har med tanke på å sikra at slike feilgrep ikkje skjer ein annan gong. Me har purra opp invitasjonen til møte, men har framleis ikkje fått noko svar. Dagleg leiar deltok likevel på eit anna møte om språket i liturgien, men synspunkta frå Mållaget og fleire andre aktørar førde ikkje fram i det endelege resultatet.



STATENS KARTVERK 1. januar i år tok den nye matrikkellova til å gjelde, og ny lov fører med seg nye skjema som skal brukast. Desse låg etter årsskiftet berre føre på bokmål. Noregs Mållag har peika på krava som følgjer av mållova, og bede Statens kartverk om ei forklaring. Språkrådet har nyleg purra på svar og gjeve frist til 6. april, men så langt har det vore stilt frå Statens Kartverk.

Talemål og skriftmål

HØYRING OM KYRKJEMÅLET Noregs Mållag sende inn høyringssvar om den nye samleboka og språket i liturgien i september 2009. Hovudbodskapen vår var at salmeboka må ha eit like godt tilbod på nynorsk som på bokmål, og at liturgispråket bør haldast i ei tra-

disjonell form, utan ein del av dei endringane som var føreslegne frå Kyrkjeraådet si side.

Basert på tilbakemelding som kom i høyringa, har Kyrkja ytterlegare utsett utgjevinga av ny salmebok. Alternativ for vegen vidare med salmebokarbeidet vert lagde fram til drøfting i Kyrkjeraådet våren 2010. Ny salmebok vert ikkje handsama på Kyrkjemøtet 2010, og vert fylgleg ikkje teken i bruk 2011. For liturgien er planen framleis at han skal handsamast på Kyrkjemøtet 2010, men ein har vore tydeleg på at kvalitet skal gå føre tempo.

NORMALTALEMÅL I NRK NRK har endra språkreglane sine, og det er no ikkje lenger eit absolutt krav til å nytta normaltalemål til dømes i nyhendesendingar, slik det var før. Mållaget har ved fleire høve uttalt at me tykkjer dei nye reglane er uheldige. Vårt standpunkt har vore at me gjerne vil ha meir (mangfaldig) dialektbruk i NRK, men at det ikkje bør gå på kostnad av det vesle som finst av nynorsk normaltalemål.

Hausten 2009 vart det gjeve dispensasjon for bruk av dialekt i Dagsrevyen. Mållaget har gått ut mot dette, grunna den viktige funksjonen nynorsk normaltale har i sentrale sendeflater i NRK. Nynorsk normaltale i nyhende og frå programvertar fungerer for mange umedvite som ei «indre røyst» som gjer det lettare å skriva korrekt og god nynorsk. Mållaget orienterte om synet sitt i møte med kringkastingssjefen tidleg i desember.

Samskipnaden

Lag og medlemer

Medlemsutviklinga har dei siste åra vore slik (betalande medlemer 31. desember):

Medlemer	Endring	Tilgang	Fråfall†	Fråfall‡
1997	10 826	-287	566	-853
1998	10 852	+26	691	-665
1999	11 046	+194	775	-581
2000	11 001	-45	539	-584
2001	10 883	-118	476	-594
2002	10 588	-306	658	-688
2003	10 329	-259	491	-731
2004	10 141	-188	452	-461
2005	10 162	+21	675	-487
2006	10 167	+5	389	-525
2007	10 323	+156	504	-1105
2008	10 251	-72	756	-523
2009	10.125	-126	+419	-485

† Utmeldingar og avlidne

* Har ikkje fornya

Medlemstalet gjekk ned med 126 medlemer (1 prosent) i 2009.

Medlemstalet for 2009 er med det 10 125. Medrekna medlemene i Norsk Målungsdom er med lemstalet 11401, ned 296 frå 2008. Om me skil mellom laga som har lokal og sentral innkrevjing, ser me at dei «vanlege» lokallaga våre har hatt ein nedgang på 49 medlemer. Nokre av dei store laga med lokal innkrevjing har mange medlemer under 14 år, slik som BUL i Oslo. Det laget har ein faktisk medlemsauke, men medlemene under 14 tel ikkje med i vårt medlemstal. I dei fleste laga varierer medlemsstalet med éin til to medlemer opp eller ned, medan nokre få lag står for ein større nedgang. Praksisen med medlemsregisteringa er slik at medlemer som ikkje melder seg ut, men heller ikkje betaler medlemspengar, vert ståande i registeret og får tilsendt medlemspengekrav og *Norsk Tidend* i tre år. Deretter vert dei melde ut.

Dei som ikkje har betalt, er med på medlemslistene som lokallaga får tilsendt, slik at laga kan ta kontakt med dei, men dei vert sjølv sagt ikkje rekna med i det offisielle medlemstalet.

LOKALLAG, FYLKESLAG OG YRKESMÅLLAG

For 2008 mottok skrivarstova årsmelding frå 130 lag og 17 fylkeslag, for 2007 var tala 129 lag og 17 fylkeslag. Det er framleis aktive lag som ikkje sender inn årsmelding, men rutinane for dette ser ut til å ha vorte mykje betre. Laga som ikkje sender inn årsmelding, får ikkje nyitta dei demokratiske rettane sine i samskipnaden. Mange lag får heller ikkje utbetalt medlemspengar dei har til gode på grunn av manglande innsending av årsmeldingar. Austevoll Mållag og Husnes Mållag er oppatksipa i perioden.

Åtte lag er med både i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag.

STUDIEARBEID OG LEIARTRENING

Noregs Mållag er ein av 26 medlemsorganisasjonar i Folkekulturforbundet.

I 2009 hadde me registrert 0 studietimar der. I 2008 hadde me registrert 25 studietimar, fordelte på eitt kurs. I 2007 hadde me registrert 444 studietimar, fordelte på 12 kurs i tre lag. Det er framleis slik at det meste av studiearbeidet laga driv med, ikkje vert rapportert inn til Folkekulturforbundet.

Me har starta eit samarbeid med Folkekulturforbundet og andre medlemsorganisasjonar der om å gjennomföra felles leiartreningskurs. Eit fyrste initiativ til dette vart gjennomført i Hordaland hausten 2009, med låg deltaking frå mållag, men det gav oss likevel tru på at dette kan vera noko å utvikla for framtida.

Lagshandboka er lagd ut på nett, og vil verta oppdatert der framover.

I 2010 skal me gjennomföra eit prosjekt der me sender ut høyringar til lokal- og fylkeslaga om ulike spørsmål, som erstatning for tradisjonelle studieringar.

MEDLEMSREGISTER

Medlemsregisteret vart endelig ferdig levert i 2010; over to år etter at prosjektet vart lova ferdig, og etter mange frustrasjonar for medlemer, lokallag og sentrallek. Sørvisnivået frå sentrallekken har på dette feltet vore langt dårlegare enn me ynskjer, og langt under ambisjonane me har.



BARNEHAGEARBEID: Alle barnehagane i Strand fekk ti barnebøker på nynorsk av Strand Mållag. Her deler leiar Knut Falk leseglede med Adam, Marie, Vilja og Linnea i Jørpeland Barnehage. Bak står pedagogisk leiar Siw Oaland. (Foto: Borghild Gudmestad)

Med det registeret me har no, kan lokallaga og fylkeslaga sjølv gå inn og sjekka betalingar, ut- og innmeldingar og andre endringar i medlemsmassen. Ein kan sjølv henta ut adresselister og adresselappar. Det er alt ei rekke fylkeslag og lokallag som har teke det nye registeret i bruk. Me får framleis meldingar om mindre feil, men har som mål at ein innkøyningsperiode i organisasjonen vil synleggjera eventuelle glippar og sikra opprydding raskt.

VERVING OG VERVETILTAK I 2009 kom det 594 nye namn i registeret. Det er ein nedgang frå 2008, då me fekk 1020. Ikkje alle dei som melde seg inn i fjor, har betalt medlemspengar enno.

Me har hatt innmeldingsgiroar i avisene Firda, Sunnhordland og Rogalands Avis. Om lag 100 medlemer kom til på grunn av desse istikka. Talet på nye abonnentar er noko lågare enn det me fekk etter å ha hatt istikk i dei meiningsberande avisene året før.

I 2010 sette me i gang ein vervekampanje med vervepremiar til dei medlemene som verva mest. Etter berre få dagar har me fått inn over to hundre namn.

Ei rekkje lokallag sende inn namnelister på folk dei meinte kunne vera interesserte i medlemskap, og skrivarstova sende innmeldingsblankettar til dei. Dette er eit tiltak me ser effekt av, og det er godt å sjå at eit slikt samarbeid mellom lokallaga og skrivarstova gjev vekst.

NYTT OM NYNORSK – LAGSSENDING Hausten 2008 sette me i gang eit nyhendebrev på e-post; Nytt om nynorsk. Det vert sendt ut til dei av kontaktpersonane i laga og medlemene som har takka ja til det. I 2009 vart det sendt ut seks meldingar på lista. Adressa for påmelding er <http://groups.google.com/group/nyttom-nynorsk>.

Det er no om lag 300 som mottek desse sendingane. Me skal gjera desse nyhendebreva betre, og dei kjem no kvar tredje veke. Det er sendt ut seks lagssendingar med vanleg post i 2009.

FØREDRAGSTURNÉ Det vart sendt ut tilbod om føredragsturné, men det lét seg diverre ikkje gjennomføra i perioden. Lokallaga har gjerne klåre ynske om kva tid det høver å skipa til eit ope møte, og føredragshaldarane har sin eigen kalender å ta omsyn til. Det vil koma nye tilbod seinare, som me vonar vil gje betre resultat.

HAUSTSEMINARET Den siste helga i september skipa Mållaget til haustseminar i Bergen. Tema for seminaret var «Korleis kan vi gjera Noreg tospråkleg?», med ei rekke innleiingar med ulike innfallsvinklar til hovudtittelen. Seminaret samla drygt 50 personar, og deltakarane melde attende om eit innhald og ei helg dei hadde stort utbyte av.

MATERIELLPRODUKSJON Til landsmøtet i Oslo kom den nye utgåva av *Kvifor nynorsk?* Det er ei kortfatta oppsummering av arbeidet Noregs Mållag gjør. Heftet vert sendt til alle nye medlemer. I tillegg vart det laga fleire ulike vervegiroar. Til eigenprofiling vart det laga matboksar og pc-hylster som er til sals i krambua.

Til barnehagekampanjen vart det laga ei aksjonskokebok til laga, eit boktipshefte og ymse aksjonsmateriell.

ORGANISASJONSINITIATIV Førre styre drog i gang ein organisasjonskampanje som har vorte kalla organisasjonsinitiativet. Målsetnaden lokalt har vore å nytta det arbeidet målfolk alt gjer i andre organisasjoner lokalt, for å få til gode felles tiltak. Den andre målsetnaden med kampanjen har vore å få til meir bruk av nynorsk i ulike friviljuge organisasjonar. I perioden har ein gjennomført eit felles seminar i Bergen saman med Folkekulturforbundet, Noregs Ungdomslag, Noregs Mållag og Norges Husflidslag. Då var det Folkekulturforbundet som inviterte medlemsorganisasjonane i Hordaland til drøftingar om utfordingar som desse organisasjonane har felles når det gjeld organisasjonsbygging. Diverre var det låg deltaking frå lokallaga våre, noko som truleg kan forklarast med at invitasjonen kom ganske seint. Erfaringane frå dette seminaret vil ein ta med til vidare fellestilskipingar. Spesielt Folkekulturforbundet har vore oppteke av å få til felles organisasjonsseminar. I perioden har det vorte arbeidd med eit slags kampanjehefte. Dette heftet har diverre ikkje vorte ferdig denne årsmeldingsperioden.

I samarbeid med Vikværingen er det gjennomført møte med folk som arbeider sentralt i LO. Det er eit klårt mål at dette organisasjonsinitiativet skal fylgjast opp vidare.

LANDSMØTET Landsmøtet vart lagt til Oslo i tråd med skiftet mellom Bergen, Trondheim og Oslo som styret vedtok for få år sidan. Møtet sette ikkje særlege merke etter seg i hovudstaden denne helga, men det var heller ikkje eit landsmøte som var prega av «kamp-saker».

Det møtte 121 utsendingar attåt styret, og samla var det 128 med røysterett på møtet. Me hadde dessutan 18 registrerte gjester og observatørar. Til samanlikning var talet på utsendingar med røysterett 143 i 2008, 127 i 2007, 171 i 2006, 143 i 2005, 147 i 2004 og 120 i 2003.

Hovudsaka på landsmøtet var *Mål og mening, Stortingsmelding 35 (2008-09)*, fyrt presentert gjennom innleiing frå statssekretær Wegard Harsvik fredag, deretter vidareførd i panelordskifte med Sp, Frp og KrF laurdag. Debatten var viktig både for å senda klåre signal om kva me ventar oss av storting og departement, og sikkert også for kunnskapsheving i eigen organisasjon om innhaldet i meldinga.

I leiartalen la Hege Myklebust vekt på skulepolitikken, trekte opp historikken med å få nynorsken inn i skulen og streka opp viktige oppgåver for framtida for å sikra god nynorskunnskap og gode nynorskhalndningar.

Magnhild Meltveit Kleppa fekk målprisen for 2009 for arbeidet med å få opp nynorskbruken i Samferdsledepartementet. Ole Danbolt Mjøs fekk ein målblome for nynorskbruken i arbeidet med Nobels fredspris. Dei to arbeidsstipenda gjekk til Kafé Yabasta for nynorsk marknadsføring av rettferdig kaffi og til Audun Blokkum for utvikling av eit brettspel til bruk i nynorskundervisinga. Gunnhild Øyehaug fekk nynorsk litteraturpris for boka *Vente, blinke*, og Sissel Horndal fekk nynorsk barnelitteraturpris for boka *Himmelspringaren*.

MIDLAR TIL STYRKING AV ORGANISASJONEN Mållaget la for få år sidan inn ein eigen post i budsjettet med 200 000 kroner i året der lokal- og fylkeslag kan søkja støtte til organisasjonsbyggjande tiltak. I 2009 fekk Hordaland Mållag 75 000 kroner til temadagsprosjekt på barneskular, Mållaget Ivar Kleiven 5000 kroner til elevkveld om å halda på nynorsken for elevar i den vidaregåande skulen, Mediemållaget 7400 kroner til Dei nynorske mediedagane, Naustdal Mållag 10 000 kroner til eit samarbeid med andre lokale organisasjonar om naustdalslitteraturen, Nordmøre Mållag 40 000 til arbeid med barnekultur, offentleg målbruk og medium på Nordmøre, Sveio Mållag 5 000 kroner til kurs i kreativ skriving for ungdom, Juristmållaget 10 000 kroner til å skriva 75-årssøge og Suldal Mållag 10 000 kroner til ein konferanse om språk- og kulturformidling i barnehagen. Totalt er det løyvt 162 400 kroner over denne posten i 2009.

Informasjons- og mediearbeid

NORSK TIDEND *Norsk Tidend* er medlemsavisa til Noregs Mållag. Avisa vert send ut til medlemene i Noregs Mållag, Norsk Målungdom og til tingarar av avisa. Avisa kjem ut fem gonger i året, med eit samla sidetal på 120-



BARNELITTERATURPRIS For andre gong fekk Sissel Horndal Nynorsk Barnelitteraturpris. Denne gongen for Himmelspringaren. (Foto: Kjartan Helleve)

140 sider. Kjartan Helleve var redaktør i 2009. Gjennom året har redaksjonen hatt nokre få møte.

Norsk Tidend skal fylgja med på utviklinga av nynorsk og språkutviklinga i Noreg. Avisa skal òg gje informasjon til medlemene i Mållaget, og skal rapportera om arbeidet laget gjer.

Det er eit knippe skribentar som får honorar for tekstar og bilete i avisas. Desse skriv faste spalter: Tarjei Vågestål/Kringkastingsringen, Maria Svendsen/leiar i NMU, Håvard B. Øvregård/leiar i Noregs Mållag, Anna Kleiva, Hilde Myklebust, Ola Breivega og Inger Johanne Sæterbakk. Laurits Killingbergtrø lagar kryssordet. Bladet blir sett av Språksmia.

I kvart nummer av *Norsk Tidend* vert det sendt med gåvegiro eller loddgiro. Dette er ei viktig inntektskjelde for Noregs Mållag. Gjevarane vert takka med namn på eigne gåvesider i avisas. Trass i at det er høge portokostnader knytte til utgjevinga av medlemsavis, gjev avisas gode inntekter til organisasjonen.



STIPEND Den vesle kaffimportøren Yabasta fekk det eine av to stipend for å nytt nynorsk i marknadsføringa. Her representert ved Marry-Anne Karlsen. (Foto: Kjartan Helleve)

HEIMESIDENE Adressa til nettsidene til Noregs Mållag er www.nm.no. Desse sidene skal både vera ein utoverretta nyhendeportal og ein intern organisasjonsportal. Nettsidene skal vera ein stad der ein kan få oppdatert informasjon om Mållaget både for dei som arbeider med målsak jamleg, og for dei som tilfeldigvis er innom. Det vert jamt arbeidd med å utvikla sidene både i struktur og innhald. Sidene vert oppdaterte med aktuelle saker fleire gonger i veka, både pressemeldingar, lesarbrev, medieoppslag, høyningsfråsegner og andre aktuelle tekstar.

Det vart publisert 191 nyhendesaker i 2009. I tillegg kjem andre tekstar. Nettsidene har om lag to tusen til tre tusen unike brukarar i løpet av ein månad. I løpet av ein dag er det om lag 130–150 unike brukarar innom sidene. Med jamne mellomrom ser me at media plukkar opp saker henta frå nettsidene våre. Nettsidene ser dimed ut til å fungera som ein viktig informasjonskanal frå og til Mållaget. Eit anna godt brukt netttilbod er Krambua. Her kan ein tinga både bøker, materiell og profileringstilfang, og Krambua har hatt nær 200 kundar årleg dei siste åra.



LEIARSKIFTE Hege Myklebust gav stafettpinnen vidare til Håvard B. Øvregård under landsmøtet i Oslo. (Foto: Kjartan Helleve)

LOKALLAGSSIDENE På landsmøtet i fjor vart det informert om at lokallaga kunne få seg nettside under paraplyen til nm.no. I overkant av ti lag har fått nettside på denne måten. Aktiviteten på desse nye sidene varierer mykje.

MEDIEDEKKING PÅ LANDSMØTET Barnehage-seminaret var i utgangspunktet tenkt som ei plattform for ordskifte og internt arbeid. Men då det vart spissa til at me ville ha meir nynorsk inn i barnehagane, så fengde det i det minste hjå NRK. Dette gav oss merksemd i framkant av landsmøtet, der me før har hatt ein pressekonferanse og dei seinare åra har laga eit pressestunt.

Hege Myklebust var både på NRK Fjernsyn og NRK Radio og snakka om arbeidet med å få nynorsk inn i barnehagane. Begge delar var direkte. Under fjernsynsinntervjuet stod det fast ein tekst i biletet om at NM skipar til landsmøte i Oslo i helga. Bladet *Utdanning* hadde eit fint oppslag nokre veker seinare.



MÅLBLOME Ole Danbolt Mjøs fekk endeleg, og vel fortent, den heideren frå Mållaget som han hadde etterlyst. (Foto: Kjartan Helleve)

Kontakt med NTB gjorde at det gjekk ut ei melding om vinnarane av Målblomen og Målprisen. I den meldinga stod det nokre linjer om kva landsmøtet skulle arbeida med.

NPK laga eit lengre intervju med Håvard B. Øvregård som vart trykt i *Nasjonen* og *Sunnmørsposten*. Sistnemnde hadde eit eige lengre intervju med Håvard i helgebilaget helga etter. Det same hadde *Klassekampen*.

Fråsegna om momsfriftak vart gjeven til NRK Kulturnytt allereie sundag ettermiddag. Leiaren tipsa sjølv, og det resulterte i ei større sak med intervju på mandag morgen. Nokre dagar seinare var det eit ordskifte i Syttentretti på P4 mellom Håvard Øvregård og Trond Giske.

Målprisvinnar og målblomevinnar vart hovudsaka i ei eiga NTB-melding på fredag. Dei gav god merksemd, og særleg flott var det å koma inn på VG Nett, som er den største mediekanalen i Noreg. Det var inga presse på utdelinga.

PRESSEMELDINGAR

- Massiv støtte for mjølk på Tine-kartongane,
19.03.2009
- Nynorsk litteraturpris 2008 til Gunnhild Øyehaug,
24.04.2009
- Sissel Horndal får Nynorsk barnelitteraturpris 2008.
24.04.2009
- Håvard B. Øvregård er vald til ny leiar i Noregs
Mållag, 25.04.2009
- 50 000 i stipend til spel og kaffi, 25.04.2009
- Vil ha utgreiing om momsfritak for aviser, 27.04.2009
- Vil ha meir nynorsk i departementa, 28.04.2009
- Norskopplæringa for innvandrarar må styrkast,
29.05.2009
- - Kyrkja må ta nynorsk på alvor, 04.08.2009
- - Frp bed om nedgang i nynorskområde, 31.08.2009
- - Store ord må følgjast opp med store summar,
14.10.2009

PRESSEOPPSLAG

- 14.04.2009 Mållaget begeistra for nynorsksatsinga til
Iskremgarden, Nationen (12 aviser)
- 24.04.2009 Litteraturprisane, ANB- NTB (23 aviser)
- 24.04.2009 Målblome og målpris, ANB-NTB
(29 aviser)
- 26.04.2009 Øvregård ny leiar, ANB-NTB (51 aviser)
- 28.04.2009 Øvregård intervju, Nationen
- 29.04.2009 Øvregård intervju om meir nynorsk i
departementa, Utdanning
- 30.04.2009 Øvregård portrettintervju, Dag og Tid
- 02.05.2009 Øvregård portrettintervju, Klassekampen
- 06.05.2009 Nye mål for Mållaget, leiarartikkel Firda,
- 29.05.2009 Norskopplæringa for innvandrarar må
styrkjast, ordskifte Syttentretti i P4
- 29.05.2009 Norskopplæringa for innvandrarar må
styrkjast, Nettavisen
- 31.05.2009 Norskopplæringa for innvandrarar må
styrkjast, Utdanning, Sunnmørsposten
- 26.06.2009 Øvregård skryt av ny lov på nynorsk,
Teknisk Ukeblad
- 04.08.2009 - Kyrkja må ta nynorsk på alvor, Aura Avis
- 05.08.2009 - Dialektar treng ikkje tekstast, Øvregård i
ordskifte Syttentretti på P4
- 08.08.2009 Øvregård rosar at Frp legg valvaka si
til Det Norske Teatret
- 19.08.2009 Venstre og Frp utan nynorskprogram,
Fjordabladet, Nationen, Sunnhordaland
- 24.08.2009 Kirkevalget droppet nynorsk, Øvregård
kritisk, Vårt land
- 29.08.2009 Større aksept for nynorsk, Arnøy om
nynorskklasse på Minde, Bergens Tidend
- 29.08.2009 Frp ber om færre røyster i nynorskområde,
Trønder-Avisa
- 31.08.2009 Frp vil fjerne obligatorisk sidemål,
leiarartikkel Adresseavisen
- 31.08.2009 Frp vil fjerne obligatorisk sidemål,

Øvregård i ordskifte, Radio Norge

31.08.2009 Frp vil fjerne obligatorisk sidemål, NRK

31.08.2009 Vil ha mindre dialektbruk i NRK, ordskifte

Dagsnytt atten

18.09.2009 - Dæ æ eit heillvitti kvar, Nationen

04.10.2009 Den forbløffende forbrødringen,
Bergens Tidende

05.10.2009 Språklig forbrødring, leiarartikkel
Bergens Tidende

06.10.2009 - Kyrkjerådet braut mållova, NRK Sogn og
Fjordane

27.11.2010 Ungdom droppar nynorsken, Nationen
27.11.2010 Tre av fire flyktar frå nynorsken,
NTB/NPK (17 aviser)

16.12.2009 Ingerid Stenvold: - Folk har sterke
meninger, VG Nett, VG

18.01.2010 - Forgiftende maktmisbruk, Klassekampen

05.02.2010 - Eit nullpunkt i norsk lærebokspråk,
Dag og Tid

07.02.2010 Får støtte fra Mållaget, Bergens Tidende

19.02.2010 Øvregård i ordskifte om NDLA,
Kulturnytt NRK

Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

Heidersmedlemer

Heidersmedlemer i Noregs Mållag er no Torolv Hesthamar, Olga Meyer, Einfrid Perstølen, Bjørnar Østgård, Marie Lovise Widnes, Audun Heskestad og Berge Furre.

Styret og arbeidsutvalet

Styret og arbeidsutvalet i arbeidsåret har vore:

Leiar: Håvard B. Øvregård (AU)

Nestleiar: Aud Søyland (AU)

Styremedlemer: Jon Todal (AU til september),

Bente Riise (AU frå september), Olav Kuvås,

Kirsten Tegle Bryne og Maria Svendsen (NMU).

Varamedlemer: 1. Gudrun Kløve Juuhl, 2. Håkon Giil,
3. Reza Rezaee og 4. Marit Aakre Tennø.

Varamedlemer for NMU: 1. Leif Arne Storset og
2. Eirik Wixøe Svela.

Styret har hatt 6 møte og handsama kring 90 saker når arbeidsåret er over. Dei viktigaste sakene i styret har vore oppfølging av stortingsmeldinga Mål og meiningsorganisasjonsbygging og prosjektet Målstreken mot målbytte i Valdres.

Arbeidsutvalet har hatt 6 møte og handsama kring 15 saker når arbeidsåret er over. AU har også hatt ein del uformell kontakt på telefon og e-post.

Håvard Øvregård har vore frikjøpt i 20 prosent i 2009 og 80 prosent i 2010.

Landsrådet

Landsrådet har hatt eitt møte og drøfta 9 saker. Dei viktigaste sakene har vore stortingsmeldinga Mål og meiningsbarnehagekampanje og arbeidet mot målbytte.

Valnemnda

Valnemnda i arbeidsåret har vore:

Leiar: Oddmund Hoel

Medlemer: Jo Heinum, Ragnfrid Trohaug, Bodil Haug og Bror-Magnus Sviland Strand (NMU)

Varamedlemer: 1 Unn Røyneland, 2 Veronika Bonaa og 3 Rolf Theil

Varamedlemer NMU: 1 Eva Holthe Enoksen og 2 Janne Nygård

Skrivarstova

Tilsette i arbeidsåret har vore:

Dagleg leiar: Gro Morken Endresen

Økonomikonsulent: Berit Krogh

Informasjonskonsulent: Hege Lothe (fødselspermisjon til 1. februar 2010)

Informasjonskonsulent: Kjartan Helleve (vikar for Hege Lothe i permisjontida, redaktør for Norsk Tidend frå 1. februar 2010 (50 %))

Skulemållskrivar: Ingar Arnøy

Organisasjonskonsulent: Magnus Bernhardsen

Fyrstesekretær: Else Elise Sætre Bullus (50 %)

Datakonsulent: Tarjei Vågstøl (20 %, farspermisjon våren 2010)

Prosjektmedarbeidar: Jens Kihl (50 % frå 1. juni – 31. desember 2009)

Nemnder og utval

Lista gjev eit oversyn over nemnder, utval og representasjon i Noregs Mållag for arbeidsåret 2009–2010. Funksjonsperioden står attom namnet. I dei tilfella der det har vore ny oppnemning i årsmeldingsperioden, står både

den som har vore, og den som er representant no. Reine mellombelse arbeidsnemnder og uformell representasjon er ikkje første opp. Lista har berre med dei representante Noregs Mållag har oppnemnt. Oppnemningane er gjorde av styret, eventuelt av AU, leiar eller dagleg leiar etter fullmakt frå styret.

NEMND FOR NYNORSK BARNELITTERATURPRIS

Sofie Braut, 07–10
Ketil Kolstad, 08–11
Rutt Trøite Lorentzen, 09–12

NEMND FOR NYNORSK LITTERATURPRIS

Vidar Lund, 09–12

FONDET FOR NORSK MÅLREISING

Hallgrim Berg, 03–05, 05–07, 07–09, 09–11
Håvard Teigen, 03–05, 05–07, 07–09, 09–11
Toril Nicolaisen, 03–05, 05–07, 07–09, 09–11

RÅDET FOR NYNORSK KULTURSENTRUM

Grete Riise, 07–09
Vara: Steinulf Tungesvik, 07–09
Morten Søberg, 01.01.10 – 31.12.12
Vara: Maria Svendsen (10–12)

RÅDET FOR NORSK BARNEBLAD

Gudrun Kløve Juuhl, 09–11
Sjur Mossige, 08–09, 09–11
Vara: 1. Gard Espeland, 05–07, 07–09, 09–11
2. Magnhild Selås, 05–07, 07–09, 09–11

STYRET FOR NORSK BARNEBLAD

Kjartan Helleve, 07–09, 09–11
Vara: Siri Moe, 07–09, 09–11

MÅLPOLITISK RÅD FOR DET NORSKE TEATRET

Bente Riise, 09–11
Endre Otto Brunstad, 07–09, 09–11
Nils Moldæn, 06–08, 08–10
Berit Rekve, 08–10
Ragnhild Vannebo, 06–08, 08–10
Vara: Paul Ottar Haga, 03–05, 05–07, 07–09, 09–11
Ragnhild Bjørge, 07–09, 09–11

VALNEMNDA FOR DET NORSKE TEATRET

Anne Elise Winterhus, 08–11

STIFTINGA MAGASINETT

Viviann Kjøpstad, 07–09, 09–11

STIFTINGA PIRION

Viviann Kjøpstad, 07–09, 09–11

NYNORSK PRESSEKONTOR

Hege Myklebust, 09–11
Håvard Teigen, 06–08, 08–10
1. *vara:* Sjur Mossige, 09–11
2. *vara:* Sindre Humberset, 09–10

HALLDOR O. OPEDALSFOND

Steinulf Tungesvik, 08–12
Vara: Johan Myking, 10–12

SANDEFJORD OG SANDARS LEGAT

Gunnvald Grønvik, 01.01.10 – 31.12.11

AKADEMIFONDET I RAULAND

Sigbjørn Hjelmbrekke, 1. jan. -09 – 31. des. -13
Vara: Ågot Jordstøyl (09–13)

OSLO NYE SPAREBANKS FOND

Erik Bolstad, 01.01.10 – 31.12.12
Vara: Jens Kihl, 10–12

ANNE RØFLO LONGA OG ALF ANDRE LONGVAS FOND

Håvard Teigen, 02–04, 04–06, 06–08, 08–10
Vara: Toril Nicolaisen, 02–04, 04–06, 06–08, 08–10

RIKSFONDET FOR NYNORSK PRESSE

Inger Johanne Sæterbakke, 07–09, 09–11
Erling Lægreid, 07–09, 09–11

VESTMANNAFONDET

Åsmund Lien, 06–08, 08–10, 10–12

JURY FOR NYNORSK NÆRINGSLIVSPRIS

Kirsten Tegle Bryne 09
Berit Rekve 09
Grethe Lerum 09
Vidar Ystad 09
Kristin Fridtun 09



STIPEND Arne Blokkum (t.v.) forklarar idéen bak brettspelet han vil lage for å letta arbeidet med nynorsk som sidemål. (Foto: Marit Tennø Aakre)

Reiseverksemda


Lista viser dei møta som styremedlemer eller tilsette i Noregs Mållag har delteke på i arbeidsperioden. Styremøte og mindre møte er ikkje tekne med, heller ikkje interne arbeidsmøte og møte med NMU sentralt. Representantane for Noregs Mållag har halde innleiingar, talar, helsingar eller orienteringar på dei fleste møta som er oppførde. Så godt som alle lokallag og fylkeslag som har bede om det, har fått vitjing.

Dag	Stad	Tilskiping	Representant
2009			
09.03.	Oslo	Møte med Tine Meierier om nynorskbruk på mjølkekartongane	Myklebust, Øvregård, Endresen
09.03.	Oslo	Møte med KKD om nynorske læremiddel	Myklebust, Kihl, Endresen
11.03.	Oslo	Årsmøte i Fylkesmållaget Vikværingen	Juuhl
14.03.	Stavanger	Årsmøte Rogaland Mållag	Øvregård
15.03.	Ulnes	Årsmøte Valdres Mållag	Øvregård
15.03.	Lillehammer	Årsmøte i Austmannalaget	Søyland
29.03.	Stavanger	Landsmøte i Norsk Målungdom	Bernhardsen
15.04.	Oslo	Statusmøte NRK barne- og ungdomsredaksjonen	Øvregård
16.04.	Skien	Styremøte i Dag Bondeheim	Endresen
28.04	Lindås	Årsmøte Lindås Mållag	Arnøy

Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

Dag	Stad	Tilskiping	Representant
03.05.	Oslo	Landsstyremøte i Norsk Målungsdom	Øvregård
05.05.	Suldal	Møte med Suldal kommune og Suldal Mållag: regional konferanse om språkopplæringa i barnehagen	
05.05.	Oslo	Rådsmøte i Norsk Barneblad	Arnøy
08.05.	Oslo	Seminar Noregs Ungdomslag	Endresen, Helleve
14.05.	Skien	Styremøte i Dag Bondeheim	Øvregård
27.-29.05.	Loen	Landsting, Landssamanslutninga av nynorskkommunar	Endresen
03.06.	Angvik	Gjemnes Mållag, folkerøysting	Øvregård
03.-04.06.	Time	Rådsmøte Garborgsenteret	Arnøy
08.06.	Oslo	Møte med Riksmålsforbundet	Øvregård, Arnøy
11.06.	Oslo	Kulturløftet 2, seminar med Kulturdepartementet	Endresen
11.06.	Oslo	Miniseminar med NPK	Øvregård, Endresen, Helleve
11.06.	Åmli	Møte med Åmli Mållag, folkerøysting	Arnøy
15.06.	Oslo	Forum for nynorsk i skolen	Endresen
17.06.	Sandnes	Møte med Sandnes kommune og Sandnes Mållag: vilkår for å oppretta nynorske parallelklassar (grupper) i Sandnes	Arnøy
18.06.	Telefon	Tildelingsmøte Longvafondet	Endresen
19.06.	Oslo	Møte med statssekretær Harsvik	Øvregård, Endresen
24.06.	Elverum	Føredrag, NMU summarleir, målbytte	Arnøy
24.-28.06.	Ørsta/Volda	Dei nynorske festspela	Øvregård, Endresen
25.06.	Aasentunet	Nynorsk forum-møte	Øvregård, Endresen
18.08.	Åmli	Møte med Åmli Mållag, folkerøysting	Arnøy
19.08.	Åmli	Møte med Åmli kommune: Vilkår for å vera nynorskskule i Åmli	Arnøy
20.08.	Klepp	Møte med Klepp Mållag: Målarbeid i barehage	Arnøy
31.08.	Forus	Norskkurs Forus vgs	Arnøy
1.-2.09.	Lillestrøm	Nynorskkurs Lillestrøm vgs	Arnøy, Endresen
08.09.	Oslo	Føredrag om målrørsla og målsaka for internasjonale sommarskulestudentar	Øvregård
08.09.	Oslo	Kyrkjearådet, innspelsmøte om språket i den nye liturgien	Endresen
18.09.		Møte om skulemålsrøysting Haukås/Tornes	Arnøy
19.09.	Hareid	Årsmøte Sunnmøre Mållag	Arnøy
19.09.	Oslo	Jubileumsseminar Landslaget for språklig samling (50 år)	Øvregård
24.09.	Bergen	Møte med foreldre, nynorske parallelklassar	Arnøy
28.-30.09.	Trondheim	Norskkurs Høgskolen i Sør-Trøndelag	Arnøy
28.-29.09.	Trondheim	Norskkurs NTNU	Arnøy
01.-03.10.	Oslo	Dei nynorske mediedagane	Øvregård, Endresen
06.10.	Oslo	Idedugnad om Olav H. Haugesenteret	Endresen
12.10.	Lillestrøm	Nynorskkurs Lillestrøm vgs	Arnøy
14.10.	Oslo	Forum for nynorsk i skolen (Utdanningsdirektoratet)	Endresen
17.10.	Skjeberg	20-årsjubileum Østfold Mållag	Søyland
20.10.	Oslo	Lansering av nettleksikonet Allkunne	Øvregård, Endresen, Helleve
21.10.	Oslo	Nynorsk forum-møte	Øvregård, Endresen
3.10.	Fagernes	Vend vinden-konferanse (Norsk Målungsdom)	Søyland
27.10.	Oslo	Norsk barneblad, strategimøte	Øvregård, Juuhl, Helleve
27.10.	Oslo	Utdeling av Kringkastingsprisen	Øvregård, Endresen, Helleve
29.10.	Oslo	Rådsmøte Nasjonalt Garborgsenter	Øvregård
31.10.	Harstad	Møte Troms og Finnmark fylkesmållag	Arnøy
07.11.	Kristiansand	Haustseminar mållaga på Agder	Arnøy
10.11.	Oslo	Møte med Løvebakken Mållag (Nynorsk forum)	Øvregård, Endresen
01.11.	Oslo	Føredrag Høgskolen i Oslo	Arnøy

Dag	Stad	Tilskiping	Representant
11.11.	Oslo	Språkdagen 2010	Endresen, Krogh, Bernhardsen
12.11.	Oslo	Lansering av Norsk ordbok, band 8	Endresen, Helleve
14.11.	Haustseminar	Nordmøre Mållag	Kuvås
18.11.	Oslo	Norskkurs, BUL-Oslo	Arnøy
19.11	Oslo	Haustsamling Fylkesmållaget Vikværingen	Øvregård
28.11.	Lindesnes	100-årsjubileum Lindesnes Mållag og Ungdomslag	Bernhardsen
30.11.	Oslo	Avslutningsmarkering for Audun Heskestad, Samlaget	Øvregård, Endresen
07.12.	Oslo	Møte med NRK Super, barne- og ungdomsavdelinga	Øvregård, Endresen
07.12.	Oslo	Møte med kringkastingssjef Hans Tore Bjerkaas	Øvregård, Endresen
09.12.	Sandnes	Norskkurs Forus vgs	Arnøy
10.12.	Sandnes	Møte Sandnes Mållag	Arnøy
2010			
19.01.	Oslo	Høyring i familiekomiteen om stortingsmelding om kvalitet i barnehagen	Øvregård
20.01.	Oslo	Språkrådet, opningsseminar om normeringa av nynorsken	Øvregård, Endresen
20.01.	Bekkestua	Årsmøte Bærum Mållag	Øvregård
02.02.	Gjemnes	Møte folkerøysting	Arnøy
02.02.	Oslo	Møte med Nasjonal digital læringsarena (Nynorsk forum)	Endresen
05.02.	Oslo	Nynorsk forum-møte	Øvregård, Endresen
08.02.	Volda	Møte med Nynorsksenteret	Øvregård
08.02.	Volda	Møte med Ivar Aasen-instituttet	Øvregård
08.02.	Volda	Møte med Nynorsk kultursentrums / Aasentunet	Øvregård
09.02.	Suldal	Seminar: Nynorsk i barnehagen	Arnøy
10.02.	Ås	Årsmøte Ås Mållag	Øvregård
11.02.	Oslo	Ope møte om språknormering og dialektbruk i NRK, Riksmaalsforbundet	Øvregård
12.02.	Bergen	Møte: Folkerøysting på Askøy	Arnøy
16.02.	Kristiansand	Styremøte i Studentmållaget i Agder	Øvregård
16.02.	Kristiansand	Årsmøte Mållaget i Kristiansand	Øvregård
22.02.	Oslo	Språkrådet, kontaktforum	Øvregård, Endresen
23.02.	Gol	Årsmøte Buskerud Mållag	Søyland
25.02.	Oslo	Nynorsk forum-møte om NDLA	Øvregård, Endresen
02.03.	Bergen	Nynorsk bar (innleiing)	Øvregård
06.03.	Stavanger	Årsmøte Rogaland Mållag	Søyland
06.03.	Trondheim	Årsmøte Trønderlaget	Øvregård
06.03.	Skei i Jølster	Årsmøte Sogn og Fjordane Mållag	Lothe
06.03.	Fosnavåg	Årsmøte Sunnmøre Mållag	Riise
09.03.	Volda	Årsmøte Volda Mållag	Øvregård
10.03.	Sandefjord	Årsmøte Sandefjord og Sandar Mållag	Øvregård
14.03.	Sør-Aurdal	Årsmøte Valdres Mållag	Søyland



Økonomi

Økonomiarbeidet

Den økonomiske stoda for Mållaget har betra seg dei siste åra. Driftstilskotet frå Kulturdepartementet har auka i fleire omgangar, samstundes som kostnadene har vore haldne på eit nøkternt nivå. Ein heil del av auken går likevel med til den kostnadsauken som fylgjer av lønsoppgjer, auka leigekostnader for kontorlokale o.l. Det har vore viktig for Mållaget å styrkja eigenkapitalen dei siste åra, slik at me har råd til å gjennomføra heilt naudsynte aksjonar t.d. dersom det skjer dramatiske endringar innanfor skulen eller på andre felt me ser som avgjeraande for nynorsken i dag. No er heldigvis situasjonen vår slik at me kan ta oss råd til å føra viktige prinsipp for retten, sjølv om me skulle koma til å måtta betala saksomkostnadene sjølve.

Det er framleis slik at brorparten av inntektene våre kjem frå medlemene. Det gjer stillinga vår temmeleg fri, og framtida for organisasjonen ubunden av skiftande politiske fleirtal som kan endra driftsstøtta vår over natta.

Kommentarar til rekneskapen

Rekneskapen for 2009 viser eit overskot på 498 729 kroner, medrekna finansinntekter. Det var budsjettert med eit overskot på 48 000 kroner som styret i seinare revisjonsvedtak auka til eit overskot på 114 000 kroner. Overskotet i 2009 kjem mellom anna av at styreleiar berre har vore frikjøpt i 20 %. Noregs Mållag har no ein positiv eigenkapital på 2 128 619. Skrivarloftet (husværet i Schweigaardsgate 52) er bokført med kjøpesummen i 1992, medan marknadsverdien truleg er om lag seks gonger så høg. Inntektene til Noregs Mållag står i hovudsak på tre pilarar: årspengar, andre medlemsinntekter og statsstøtte.

SAL AV MATERIELL

Posten gjeld sal av tilfang. Den største inntektskjelda i 2009 var servise, anna profileringstilfang og bøker.

NORSK TIDEND

Norsk Tidend kom ut med fem nummer i 2009. Noregs Mållag stod sjølv for annonsesalet. Resultatet vart dårlegare enn budsjettet. Det er truleg råd å selja fleire lysingar, men det er tidkrevjande arbeid for etter måten låge ekstrainntekter. Tingartalet har vore stabilt i fleire år, utan særlege framstøytar for å auka det.

KULTURLOTTERI

Lotteriet er tufta på friviljug sal ute i laga og direktesal frå skrivarstova. I 2009 selde laga 3 246 lodd, og medmene kjøpte 11 505 lodd direkte frå skrivarstova. Det vart selt 14 751 lodd av 20 000. Dette salet var lågare enn budsjettet. Lotteriet vart avslutta 31.12.09.

MEDLEMSPENGAR

Talet på medlemer gjekk ned med 126 i 2009. Samla sett vart det ein liten inntektsauke samanlikna med året før, sjølv om me har eit godt tilbod til nye medlemer på berre 200 kroner for det første året. Inntektene vil variera litt frå år til år, alt etter kor stor del av dei betalande som er nye og betaler fyrsteårsprisen, og kor mange som er fullt betalande medlemer.

PRISAR OG STIPEND

100 000 kroner er løying frå Kulturdepartementet til utdeling av to stipend à 50 000 kroner. Ordninga er årvis. 20 000 kroner er frå Samlaget og Det Norske Teatret for Nynorsk litteraturpris som me står saman om å dela ut.

MØTE- OG SEMINARINNTEKTER

Denne posten innehold landsmøteavgift og seminaravgift. I landsmøteavgifta ligg også reiseutjamninga som vart betalt inn saman med sjølve landsmøteavgifta.

TENESTESAL

Inntekter på nynorskkurs som skrivarstova kan tilby.

MÅLGÅVER

Gåver over gåvegiroane som ligg ved Norsk Tidend.

STATSTILSKOT

Driftstilskot frå Kulturdept. på 2 917 000 kroner, i tillegg fekk me 233 290 kroner frå Utdanningsdepartementet til «ålmenne føremål i grunnskulen».

LØYVINGAR OG GÅVER

Me fekk ikkje tilslag på søknader om prosjektmidlar i 2009.

AGDERSATSINGA

